Arealet av eng til slått utgjorde 60 prosent av jordbruksareal i drift i gjennomsnitt for alle bruka med denne driftsforma. Denne prosentdelen var størst for dei små bruka og avtok med aukande bruksstorleik. Derimot auka arealet av kulturbeite med bruksstorleiken. Det same gjorde grønfôr- og silovekstar og rotvekstar. I korndistrikta utgjorde dessutan kornarealet ein større del av jordbruksarealet på store enn på små bruk. I gjennomsnitt for alle bruk med 200 dekar og meir utgjorde kornarealet 23 prosent og engarealet 38 prosent. 46 prosent av bruka med 200 dekar jordbruksareal og meir i drift med driftsform Storfe (mjølk) hadde regelmessig sal av korn.

Arealet av eng til slått utrekna pr. ku var 7,3 dekar i gjennomsnitt for alle bruka med driftsforma Storfe (mjølk). Dette arealet var størst for bruk med 20 - 49,9 dekar jordbruksareal i drift, der det var 7,7 dekar. Arealet pr. ku avtok deretter med aukande bruksstorleik, og for bruk med 200 dekar jordbruksareal og meir i drift var det 6,0 dekar.

Arealet av kulturbeite utrekna pr. ku auka frå 0,8 dekar for bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift til 4,4 dekar for bruk med 200 dekar jordbruksareal og meir i drift. Materialet viste elles at for dei minste bruka var berre 55 prosent av beitedagane på jordbruksareal mot 75 prosent for bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal og 88 prosent for bruk med 200 dekar jordbruksareal i drift og meir. Omfanget av kulturbeite varierte også mykje frå fylke til fylke. Tabell 11 viser dette for bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift. I Rogaland utgjorde kulturbeite 40 prosent av jordbruksarealet ved denne bruksstorleiken, mot 21 prosent for heile landet.

Tabell 4. Driftsform 00 Storfe (mjølk). Jordbruksareal i drift og bruken av det *Type of farming 00 Cattle (milk). Agricultural area in use and its utilization*

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Tal bruk <i>Number of holdings</i>	Jordbruksareal i drift pr. bruk <i>Agricultural area in use per holding</i>	Av dette <i>Of which</i>						
			Korn <i>Grains</i>	Potet <i>Potatoes</i>	Rotvekstar <i>Fodder roots</i>	Grønfôr og silovekstar <i>Grains etc.</i>	Eng slått til <i>Meadows for mowing</i>	Kulturbeite <i>Pastures</i>	
		Dekar <i>Decares</i>	Prosent <i>Percentages</i>						
Alle bruk <i>All holdings</i>	33 884	71,7	9,5	2,7	1,0	3,6	60,0	22,0	
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	2 018	14,2	1,5	4,4	0,3	1,4	81,0	9,6	
20 - 49,9 " "	11 578	35,7	3,0	3,3	0,5	2,0	73,7	16,5	
50 - 99,9 " "	13 836	69,9	5,7	2,8	0,8	3,1	65,4	21,1	
100 - 199,9 " "	5 383	131,4	12,7	2,4	1,2	4,6	53,5	24,4	
200 dekar og meir <i>decares and more</i>	1 069	292,8	23,1	2,3	1,6	5,6	38,1	28,0	

Tabell 5 viser talet på husdyr av ymse slag i gjennomsnitt pr. bruk med driftsform Storfe (mjølk).

Talet på kyr i gjennomsnitt pr. bruk auka sterkt med aukande bruksstorleik. Det var såleis 1,8 kyr pr. bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift mot 18,7 kyr pr. bruk med 200 dekar og meir. Sett i høve til arealet var det likevel flest kyr på dei minste bruka. For bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift var det 7,9 dekar jordbruksareal i drift pr. ku, for bruk med 50 - 99,9 dekar 11,5 dekar pr. ku og for bruk med 200 dekar og meir 15,7 dekar pr. ku. Kutalet i høve til jordbruksareal i drift varierte også frå fylke til fylke, og det var særleg Rogaland som skilde seg ut. Der

var det fleire kyr enn i dei andre fylka. For t.d. bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift (sjå tabell 11) var det for heile landet 6,1 kyr i gjennomsnitt pr. bruk mot 9,6 i Rogaland. Dette svara til 11,5 dekar pr. ku for heile landet og 7,4 dekar pr. ku i Rogaland.

I gjennomsnitt for alle bruk var det 0,30 kviger pr. ku. Her var det også stor variasjon etter bruksstorleik. På bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift var det 0,17 kviger pr. ku mot 0,44 på bruk med 200 dekar og meir.

I gjennomsnitt pr. bruk var det lite av andre dyreslag enn storfe. Likevel viste det seg at relativt mange bruk hadde andre dyreslag, men i liten målestokk. Såleis hadde 30 prosent av bruka sau. Vidare hadde 34 prosent av bruka svin og 28 prosent høns. Også nokre av bruka med denne driftsforma hadde gitt opp regelmessig sal av produkt som ull (19 prosent), flesk (8 prosent) og egg (5 prosent).

Tabell 5. Driftsform 00 Storfe (mjølk). Husdyr pr. bruk *Type of farming 00 Cattle (milk). Domestic animals per holding*

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Storfe <i>Cattle</i>									
	I alt <i>Total</i>	Sped- kalv <i>Sucking calves</i>	Okse- kalv 1- 12 mndr. <i>Bull- calves 1-12 months</i>	Kvige- kalv 1-12 mndr. <i>Heifers 1-12 months</i>	Okse og kastrat over 1 år <i>Bulls and bullocks 1 year and more</i>	Kvige (ikkje hatt kalv) <i>Heifers (not calved)</i>	Ku <i>Cows</i>	Sau i alt <i>Sheep, total</i>	Svin i alt <i>Pigs, total</i>	Vaksne høner <i>Hens, full- grown</i>
Alle bruk <i>All holdings ...</i>	12,0	0,3	1,7	2,1	0,2	1,8	5,9	3,3	0,9	4,6
5 - 19,9 dekar <i>decares.</i>	3,2	0,1	0,5	0,5	0,0	0,3	1,8	0,7	0,2	1,5
20 - 49,9 " "	6,4	0,2	0,9	1,1	0,1	0,8	3,4	2,0	0,4	2,7
50 - 99,9 " "	12,1	0,3	1,8	2,1	0,2	1,7	6,1	4,2	0,8	4,6
100 - 199,9 " "	21,2	0,4	2,9	3,8	0,5	3,5	10,1	4,9	1,9	7,9
200 dekar og meir <i>decares and more</i>	40,1	0,7	4,2	7,5	0,9	8,2	18,7	4,5	4,2	14,1

Tabell 6 viser kor stor del av bruka som hadde driftsanlegg som automatiske drikkekar, gardstank for mjølk, mjølkerom, halmlutingsanlegg og permanente siloar for gras. Alle desse driftsanlegga var mest vanlege på dei største bruka. Utbreiinga av anlegga var og ulik i dei enkelte fylka. Gardstank for mjølk var mest vanleg i Rogaland og i Nord-Trøndelag. Innan bruksklassen 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var det 32 prosent av bruka i Rogaland som hadde gardstank for mjølk og 20 prosent i Nord-Trøndelag mot 4,7 prosent for heile landet. Halmlutingsanlegg var mest vanleg i Oppland og trøndelagsfylka. I desse fylka hadde 12-15 prosent av bruka med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift eige halmlutingsanlegg. Permanente siloar for gras var mest utbreidde i vestlandsfylka. Av bruka med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift hadde såleis 96 prosent i Hordaland og 92 prosent i Sogn og Fjordane permanente siloar for gras. Til samanlikning kan nemnast at i Vestfold hadde 20 prosent av tilsvarande bruk permanente siloar for gras, i Østfold 31 prosent og i Akershus 35 prosent.

Tabell 6. Driftsform 00 Storfe (mjølk). Bruk med ymse driftsanlegg. Prosent *Type of farming 00 Cattle (milk). Holdings with various farm installations. Percentages*

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Automatiske drikkekar i kufjøset <i>Automatic drinking vessels in the cowshed</i>	Gardstank for mjølk <i>Farm tank for milk</i>	Mjølkerom <i>Milk storage shed</i>		Eige halmlutings- anlegg <i>Own lyeing plant for grass</i>	Permanente siloar for gras <i>Permanent silos for grass</i>
			I alt <i>Total</i>	Med kunstig kjøling <i>With artificial cooling</i>		
Alle bruk <i>All holdings</i>	76,8	7,4	51,4	12,9	6,5	60,9
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	43,3	0,2	17,0	1,4	0,2	15,2
20 - 49,9 " "	67,5	0,8	32,7	4,3	1,5	41,7
50 - 99,9 " "	83,2	4,7	57,6	11,1	5,6	71,5
100 - 199,9 " "	90,2	21,9	80,5	30,8	16,2	86,1
200 dekar og meir <i>decares and more ...</i>	91,8	52,8	92,0	60,4	35,6	92,3

Tabell 7 gir oversikt over bruken av luta halm og silofôr av gras. Ved denne driftsforma blei det for bruka som nytta luta halm brukt 2,5 tonn utrekna pr. ku. Tilsvarande var det 8,4 m³ ferdig masse av silo utrekna pr. ku på bruk med nedlagt silofôr. Ved vurderinga av tala må ein ta omsyn til at det i tillegg til kyr også var andre dyr på bruka som kunne nytte desse fôrslaga.

Tabell 7. Driftsform 00 Storfe (mjølk). Halmluting og silofôr *Type of farming 00 Cattle (milk). Lye-treated straw and silage*

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Bruk som nytta luta halm i 1968 <i>Holdings which used lye-treated straw in 1968</i>		Bruk med nedlagt silofôr i 1968 <i>Holdings with silage in 1968</i>		Luta halm nytta i 1968 <i>Lye-treated straw used in 1968</i>		Silofôr av gras, hå, grønfôr m.v. nedlagt i 1968 <i>Grass silage ensiled in 1968</i>	
	Prosent	Percentages	Pr. bruk som nytta <i>Per holding which used</i>	Pr. ku på bruk som nytta <i>Per cow on holdings which used</i>	Pr. bruk med silofôr <i>Per holding with silage</i>	Pr. ku på bruk med silofôr <i>Per cow on holdings with silage</i>	m ³	
							Tonn	Tons
Alle bruk <i>All holdings</i>	11,6	55,5	27,3	2,5	62,7	8,4		
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	0,9	12,8	7,2	2,6	17,7	8,9		
20 - 49,9 " "	2,9	36,4	10,8	2,5	32,6	8,3		
50 - 99,9 " "	9,7	65,6	16,8	2,4	54,9	8,3		
100 - 199,9 " "	30,5	80,7	25,8	2,3	89,2	8,4		
200 dekar og meir <i>decares and more</i>	55,8	87,0	64,8	3,1	164,0	8,5		

Også bruken av ymse maskinar auka med aukande bruksstorleik. Dette er vist i tabell 8. Fôrhaustar blei mest nytta i Rogaland og i Møre og Romsdal. I Rogaland nytta såleis 53 prosent av bruka med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift fôrhaustar. Tilsvarande tal for Møre og Romsdal var 45 prosent. For bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var fôrhaustar minst vanleg i Vestfold, Akershus og Østfold der ca. 10 prosent av bruka nytta fôrhaustar.

Under bearbeidinga har ein for mjølkemaskinanlegg berre teke med talet på anlegg og ikkje talet på bruk som hadde mjølkemaskin. Då dei fleste bruk berre har eitt anlegg, vil desse tala stort sett falle saman. Det var likevel nokre bruk som hadde fleire anlegg, og dette er årsaka til at det er meir enn 100 anlegg pr. 100 bruk for bruk med 200 dekar og meir. Røyrmjølkingsanlegg var lite vanleg på bruk med under 100 dekar jordbruksareal i drift. For bruk med 200 dekar og meir utgjorde derimot røyrmjølkingsanlegga 44 prosent av alle mjølkemaskinanlegg.

Tabell 8. Driftsform 00 Storfe (mjølk). Maskinar *Type of farming 00 Cattle (milk). Machines*

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Bruk med <i>Holdings with</i>		Bruk i alt som nytta fôrhaustar <i>Holdings, total which used flail forage harvester</i>	Mjølkemaskinanlegg pr. 100 bruk <i>Milking machine installations per 100 holdings</i>	
	Traktor <i>Tractor</i>	Fôrhaustar <i>Flail forage harvester</i>		I alt <i>Total</i>	Røyrmjølkingsanlegg <i>Pipeline milking system</i>
	Prosent	Percentages			
Alle bruk <i>All holdings</i>	71,1	21,1	26,3	63,3	4,3
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	28,9	0,1	0,9	5,3	0,0
20 - 49,9 " "	54,4	3,5	6,9	36,2	0,5
50 - 99,9 " "	79,7	21,7	28,2	77,4	1,9
100 - 199,9 " "	95,0	54,1	61,3	98,9	11,8
200 dekar og meir <i>decares and more</i>	98,7	77,0	81,8	103,9 ¹⁾	45,7

1) Enkelte bruk har meir enn eitt anlegg.

1) *Some of the holdings have more than one installation.*

Arbeidsinnsatsen i jord- og hagebruk pr. bruk er vist i tabell 9. Denne tyder på at frå og med bruksstorleik 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift kunne bruk med driftsform Storfe (mjølk) gi full sysselsetjing for brukar og ektemake ved gjennomsnittleg arbeidsinnsats. Tabellen viser og at 58,7 prosent av dei personlege brukarane hadde bruket som einaste leveveg ved denne bruksstorleiken.

Som vist tidlegare var mekaniseringa sterkare på store enn på små bruk. Ein må og rekne med at brukarar som hadde bruket som einaste eller viktigaste leveveg ofte tilpassa mekaniseringa og driftsmåten slik at eiga arbeidskraft blei fullt utnytta uansett bruksstorleik. Dette kan vere med å forklare at arbeidsinnsatsen sett i høve til arealet og kutalet var størst på dei minste bruka. Tabell 9 viser arbeidsinnsats i jord- og hagebruk i alt utrekna pr. dekar jordbruksareal i drift og pr. ku.

Tabell 9. Driftsform 00 Storfe (mjølk). Arbeidsinnsats 14. april 1968 - 13. april 1969. Bruket som leveveg *Type of farming 00 Cattle (milk). Number of days worked 14 April 1968 - 13 April 1969. Holding as source of livelihood*

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Arbeidsinnsats i jord- og hagebruk <i>Number of days worked in agriculture and horticulture</i>				Pr. ku <i>Per cow</i>	Prosent av brukarane med bruket som einaste leveveg <i>Percentages of holders with holding as sole source of livelihood</i>
	Pr. bruk i alt <i>Per holding, total</i>	Pr. bruk utført av brukar og ektemake <i>Per holding worked by holder and spouse</i>		Pr. dekar jordbruksareal i drift <i>Per decare of agricultural area in use</i>		
		Mann <i>Male</i>	Kvinne <i>Female</i>			
Alle bruk <i>All holdings</i>	416	213	119	5,8	70	49,8
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	200	83	91	14,1	112	7,6
20 - 49,9 " "	329	167	112	9,2	97	29,7
50 - 99,9 " "	452	240	127	6,5	75	58,7
100 - 199,9 " "	536	278	128	4,1	53	79,4
200 dekar og meir <i>decares and more.</i>	696	276	96	2,4	37	84,6

Tabell 10 viser ymse utgifter i 1968 ved bruka med driftsform Storfe (mjølk) utrekna som gjennomsnitt pr. dekar jordbruksareal i drift. Kraftfôrutgiftene gjeld alt kraftfôr som er innkjøpt på bruka. For denne driftsforma kan ein rekne med at ein stor del av kraftfôret gjekk til kyrne. Det kan derfor også vere av interesse å sjå kraftfôrutgiftene i høve til kutalet. Pr. ku auka desse utgiftene med aukande bruksstorleik frå kr. 832 på bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift til 1 532 på bruk med 200 dekar og meir. Dette må ein sjå i samanheng med høgare avdrått pr. ku på dei største bruka. I utvalsteljinga i 1970 blei det henta inn oppgåver for husdyrproduksjonen. For heile landet (alle driftsformer) kom ein der fram til 3 172 kg mjølk pr. ku på bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift mot 5 376 kg mjølk pr. ku på bruk med 500 dekar og meir. Ved vurderinga av tala må ein og ta omsyn til andre dyr på bruka, og at det til dømes var fleire kviger pr. ku på dei største bruka. Vidare må ein rekne med at ein del bruk nytta heimavla kraftfôr.

Utgiftene til handelsgjødsel kan til ein viss grad gi uttrykk for driftsstyrken. For bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var desse utgiftene kr. 23,35 pr. dekar for bruk med driftsform Storfe (mjølk) mot kr. 22,78 for alle bruk utan omsyn til driftsform. Ved driftsform Storfe (mjølk) må ein og rekne større bruk av naturgjødsel enn t.d. ved driftsformer med lite husdyr.

I tabell 10 er og med nokre inntektstal etter skattelikninga. For dei fleste driftsformene fann ein at pensjonsgivande inntekt utanfor tenesteforhold (vesentleg inntekt frå bruket) auka, medan pensjonsgivande inntekt i tenesteforhold minka med aukande bruksstorleik. For driftsforma Storfe (mjølk) var pensjonsgivande inntekt i tenesteforhold større enn pensjonsgivande inntekt utanfor teneste-

forhold berre for bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift. For bruk med 100 dekar jordbruksareal i drift og meir var pensjonsgivande inntekt i tenesteforhold om lag uendra ved aukande bruksstorleik. Dette understrekar det ein har vore inne på tidlegare at ved denne driftsforma hadde brukaren og ektemaken ofte full sysselsetjing på bruket når det hadde ein storleik på bortimot 100 dekar eller meir.

For bruk med under 100 dekar jordbruksareal i drift var samla inntekt nokså konstant ved ulike bruksstorleikar. Mindre inntekt frå bruket på dei minste bruka blei kompensert ved større inntekt utanom bruket. For bruk med 100 dekar og meir auka samla inntekt med aukande bruksstorleik. Ein viser elles til hovudavsnitt IV der ein har samanlikna dei enkelte driftsformene.

Tabell 10. Driftsform 00 Storfe (mjølk). Utgifter til driftsmiddel m.v. Inntekter. Kroner Type
of farming 00 Cattle (milk). Expenditures. Incomes. Kroner

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift Size of holdings by agricultural area in use	Utgifter i 1968 pr. dekar jordbruksareal i drift Expenditures in 1968 per decare of agricultural area in use							Inntekt pr. bruk etter skattelikninga Income per holding by tax assessment		
	Kraftfôr Concentrates	Handelsgjødsel Commercial fertiliser	Ben-sin, olje m.v. Gasoline, oil, etc.	Kjøp av maskinar og reiskapar Purchase of machines and implements	Nybygg, tilbygg og ombygging av New buildings, extensions of existing buildings, and rebuilding of	Driftsbygningar Farm buildings	Våningshus Dwelling-houses	Inntekt Income	Pensjonsgivande inntekt Pensionable income	I tenesteforhold Wages and salaries
Alle bruk All holdings ..	107,50	23,22	7,15	33,26	25,27	12,06	17 093	4 164	12 032	
5 - 19,9 dekar decarees	105,42	19,65	4,65	11,27	5,63	24,15	14 716	8 183	3 832	
20 - 49,9 " "	98,77	19,80	6,55	25,71	11,60	16,72	14 858	6 040	7 124	
50 - 99,9 " "	111,90	23,35	7,64	35,38	23,15	12,73	16 281	3 185	12 520	
100 - 199,9 " "	110,94	25,13	7,22	35,17	32,63	9,80	21 868	1 648	20 798	
200 dekar og meir decarees and more	97,81	23,39	6,48	34,34	35,04	7,84	32 488	1 819	30 121	

Tabell 11. Driftsform 00 Storfe (mjølk). Areal, storfe, arbeidsinnsats 14. april 1968 - 13. april 1969, utgifter, inntekter. Fylke. Bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift *Type of farming 00 Cattle (milk). Area, cattle, number of days worked 14 April 1968 - 13 April 1969, expenditures, incomes. Counties. Holdings with 50 - 99.9 decares of agricultural area in use*

Nr. Fylke No. County	Jord- bruksareal i drift pr. bruk <i>Agricultural area in use per holding</i>	Av dette <i>Of which</i>		Storfe pr. bruk <i>Cattle per holding</i>			Arbeids- innsats pr. bruk i jord- og hage- bruk <i>Number of days worked per holding under in agric- culture and horti- culture</i>	Utgifter i 1968 til kraft- fôr pr. dekar jordb.- areal i drift <i>Expen- ditures in 1968 for concen- trates per decare of agric. area in use</i>	Pensjonsgivande inntekt <i>Pensionable income</i>	
		Eng til slått <i>Mea- dows for mowing</i>	Kul- tur beite <i>Pas- tures</i>	Ku <i>Cows</i>	Kvige <i>Heifers</i>	Kalvar under 1 år <i>Calves under 1 year</i>		I teneste- forhold <i>Wages and salaries</i>	Utan- for teneste- forhold <i>Other income</i>	
	Dekar <i>Decares</i>	Prosent <i>Percentages</i>					Dagsverk <i>Man-days</i>		Kroner	
Heile landet <i>The whole country</i>	69,9	65,4	21,1	6,1	1,7	4,2	452	111,90	3 185	12 520
01 Østfold	71,6	51,0	18,6	5,7	1,3	3,2	390	85,34	3 901	11 409
02 Akershus	72,4	51,1	19,2	5,2	1,5	2,8	390	82,44	3 903	12 298
04 Hedmark	70,0	69,1	14,4	5,7	1,7	4,1	471	117,22	3 054	12 539
05 Oppland	69,1	66,3	15,4	6,1	1,5	3,9	479	124,50	2 165	12 929
06 Buskerud	69,9	62,5	17,8	5,5	1,4	3,7	409	87,56	3 206	13 558
07 Vestfold	71,6	46,0	20,2	5,4	1,6	3,7	393	78,71	2 173	15 110
08 Telemark	67,0	54,6	24,4	5,3	1,4	3,1	408	87,04	2 598	13 376
09 Aust-Agder	66,5	59,3	21,4	5,0	1,6	2,8	320	77,95	2 947	14 219
10 Vest-Agder	67,1	61,8	26,7	5,8	1,9	3,2	345	91,16	3 824	12 825
11 Rogaland	71,2	43,5	40,3	9,6	2,8	5,4	455	206,98	3 123	18 582
12 Hordaland	68,3	64,6	31,6	6,2	1,6	3,5	438	120,49	4 849	10 925
14 Sogn og Fjordane ..	69,5	68,2	26,7	6,2	1,7	4,5	490	132,58	2 908	11 550
15 Møre og Romsdal ...	68,6	66,0	24,1	6,3	1,9	4,3	457	110,71	3 850	12 994
16 Sør-Trøndelag	71,2	65,5	15,6	6,0	1,9	4,8	489	96,64	1 951	13 118
17 Nord-Trøndelag	72,1	59,8	17,2	5,8	2,1	4,7	436	108,29	2 923	13 716
18 Nordland	70,5	73,8	20,2	5,3	1,5	4,2	448	95,56	3 539	10 117
19 Troms	70,3	77,8	18,3	5,7	1,2	3,5	462	94,39	3 697	9 209
20 Finnmark	71,3	90,1	6,7	5,5	1,0	3,5	397	105,77	4 633	10 777

b. Driftsform 04 Sau

Driftsforma Sau var mest vanleg på dei minste bruka, medan sauehaldet i større utstrekning blei kombinert med mjølkeproduksjon på storfe på større bruk. I dette avsnittet blir driftsforma Sau omtala. Det er rekna med at denne driftsforma mest tydeleg viser dei typiske trekka for sauehaldet. Berre 23 bruk med 200 dekar jordbruksareal og meir i drift hadde driftsform Sau. I tabellane har ein derfor ikkje teke med tal for denne bruksstorleiken. Ein har heller ikkje teke med tal for fylke der driftsforma Sau spela liten rolle.

Både arealutnyttinga og husdyrhaldet var svært ein-sidig for denne driftsforma. I gjennomsnitt for alle bruka blei 95 prosent av jordbruksareal i drift nytta til eng til slått og kulturbeite. Sjølv på bruk med 100 - 199,9 dekar jordbruksareal i drift var denne prosenten 89. Bruka med driftsform Sau hadde også svært lite av andre dyreslag enn sau. Det var såleis berre 0,1 - 0,3 prosent av

bruka med denne driftsforma som hadde gitt opp regelmessig sal av produkt som mjølk, fleisk og egg.

Det var gjennomsnittleg 1,8 dekar jordbruksareal i drift pr. sau over 1 år, og dette varierte lite med bruksstorleiken. Arealet av eng til slått pr. sau over 1 år var størst på bruk med 20 - 49,9 dekar jordbruksareal i drift (1,5 dekar), og dette minka med aukande bruksstorleik. Arealet til kulturbeite var derimot størst pr. sau ved dei største bruka (0,5 dekar for bruk med 100 - 199,9 dekar jordbruksareal i drift).

I gjennomsnitt for alle bruka med driftsform Sau var det 1,20 sauer under 1 år (lam) pr. sau over 1 år. Talet på lam pr. sau over 1 år auka litt med aukande bruksstorleik, fra 1,17 for bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift til 1,26 for bruk med 100 - 199,9 dekar. I gjennomsnitt for alle bruk viste dei fleste fylka 1,20 - 1,30 sau under 1 år pr. sau over 1 år. Enkelte fylke skilde seg likevel litt ut. I Sogn og Fjordane var det berre 1,02 sau under 1 år pr. sau over 1 år, og i Hordaland 1,08. Fordelinga av sauene på lam og vaksne ved denne driftsforma samsvara stort sett med tilsvarande fordeling for alle bruk utan omsyn til driftsform.

Tabell 12. Driftsform 04 Sau. Areal og dyretal *Type of farming 04 Sheep. Area and number of animals*

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Tal bruk <i>Number of holdings</i>	Jordbruksareal i drift pr. bruk <i>Agricultural area in use per holding</i>	Av dette <i>Of which</i>		Sau pr. bruk <i>Sheep per holding</i>		
			Eng til slått <i>Meadows for mowing</i>	Kulturbeite <i>Pastures</i>	I alt <i>Total</i>	Over 1 år <i>1 year</i>	Under 1 år <i>1 year</i>
Alle bruk <i>All holdings</i>	15 040	26,7	77,9	16,9	32,3	14,7	17,6
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	7 161	12,2	86,9	8,2	15,6	7,2	8,4
20 - 49,9 " "	6 219	30,5	80,0	15,7	34,4	15,8	18,6
50 - 99,9 " "	1 434	64,6	71,7	22,8	81,3	36,6	44,7
100 - 199,9 " "	203	127,9	60,0	28,5	174,6	77,4	97,2

Det var svakare mekanisering på bruka med driftsform Sau enn på bruka med driftsform Storfe (mjølk). Av bruka med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift hadde såleis 66,8 prosent traktor og 6,4 prosent fôrhaustar mot 79,7 og 21,7 prosent for driftsform Storfe (mjølk). Utbreiinga av fôrhaustar kan ein sjå i samheng med bruken av silofôr av gras som og var mindre vanleg ved driftsform Sau. For bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var det ved denne driftsforma 34,4 prosent av bruka som hadde lagt ned silofôr av gras, hå, grønfôr m.v. i 1968, mot 65,6 prosent for tilsvarande bruk med driftsform Storfe (mjølk).

Verdien av driftsbygningane var lågare ved driftsform Sau enn ved dei fleste andre driftsformene. For bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var branntaksten pr. bruk ved driftsform Sau ca. kr. 72 000 pr. bruk med oppgitt branntakst. Tilsvarande tal for driftsform Storfe (mjølk) var ca. kr. 86 000. Ein del av denne skilnaden kom av at grunnflata pr. bruk var mindre ved driftsform Sau, men og av at branntaksten pr. m² var lågare. Ein mindre del av grunnflata var bygd etter 1959 ved driftsform Sau enn ved driftsform Storfe (mjølk), men innan dei enkelte bruksstorleikane var denne skilnaden relativt liten (sjå vedleggstabell VIII).

Tabell 13. Driftsform 04 Sau. Maskinar. Driftsbygningar og driftsanlegg *Type of farming 04 Sheep. Machines. Farm buildings and farm installations*

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Bruk med <i>Holdings with</i>		Bruk i alt som nytta fôrhaustar <i>Holdings, total which used flail forage harvesters</i>	Driftsbygningar <i>Farm buildings</i>		Bruk med permanente siloar for gras <i>Holdings with permanent silos for grass</i>	Nedlagt silofôr av gras, hå og grønfôr m.v. i 1968 <i>Grass silage ensiled in 1968</i>		
	Traktor <i>Tractor</i>	Fôrhaustar <i>Flail forage harvesters</i>		Grunnflate pr. bruk <i>Ground area per holding</i>	Brann-takst pr. bruk med oppgitt brann-takst <i>Fire insurance value per holding with reported fire insurance value</i>		Prosent <i>Percentages</i>	³ m	Ferdig masse pr. bruk med silofôr <i>Volume of silage per holding with silage</i>
Alle bruk <i>All holdings</i> ..	32,6	1,3	2,2	109	35 421	19,5	13,6	26,5	
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	15,9	-	0,1	67	20 933	8,2	5,3	13,6	
20 - 49,9 " "	42,1	0,6	1,5	119	37 716	24,4	16,9	21,8	
50 - 99,9 " "	66,8	6,4	10,2	226	71 612	47,7	34,4	36,5	
100 - 199,9 " "	84,7	27,1	33,0	400	138 229	63,1	48,8	63,4	

Driftsform Sau må i det heile karakteriserast som ei ekstensiv driftsform i høve til jordbruksarealet. I gjennomsnitt for bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift blei det ved denne driftsforma brukt 3,8 dagsverk pr. dekar mot 6,5 dagsverk pr. dekar for tilsvarende bruk med driftsform Storfe (mjølk).

Dei fleste utgiftspostane låg og mykje lågare for driftsform Sau enn for driftsform Storfe (mjølk). Med liknande arealfordeling for desse to driftsformene, skulle ein vente at utgiftene til handelsgjødsel pr. dekar skulle vere av same storleik. Det var ikkje tilfelle. Utgiftene til handelsgjødsel var mykje lågare på bruk med driftsform Sau enn på bruk med driftsform Storfe (mjølk) ved alle bruksstorleikar. For bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var utgiftene til handelsgjødsel såleis kr. 14,46 pr. dekar ved driftsform Sau mot kr. 23,35 ved driftsform Storfe (mjølk). Dette viser at det blei lagt opp til svak drift på bruka med driftsform Sau ved sida av at denne driftsretninga i seg sjølv var ekstensiv. Det kunne vere nærliggande å tru at denne driftsforma var mest utbreidd hos eldre brukarar. Dette var ikkje tilfelle. Gjennomsnittsalderen for brukarane med denne driftsforma låg nær gjennomsnittet for alle bruka med tilsvarende bruksstorleik. Derimot fann ein ved dei mellomstore bruka (20 - 199,9 dekar) at ein større prosentdel av brukarane var ugifte ved denne driftsforma enn ved dei fleste andre driftsformene. For til dømes bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var 27,2 prosent av dei manlege brukarane med driftsform Sau ugifte, mot 14,8 prosent av alle manlege brukarar ved denne bruksstorleiken.

Bruket spela heller inga sentral rolle som inntektskjelde for brukar og ektemake ved denne driftsforma. Sjølv for bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var den gjennomsnittlege inntekta utanom bruket større enn den gjennomsnittlege inntekta frå bruket. (Sjå pensjonsgivande inntekt etter skattelikninga). Oppgåvene over bruket som leveveg peika og i same retning, og berre for 8,2 prosent av alle bruka med denne driftsforma var bruket oppgitt å vere einaste leveveg for brukar og ektemake. Denne prosenten var 28,2 for bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift mot 58,7 for driftsform Storfe (mjølk) ved same bruksstorleik.

Tabell 14. Driftsform 04 Sau. Arbeidsinnsats 14. april 1968 - 13. april 1969. Bruket som leveveg
Type of farming 04 Sheep. Number of days worked 14 April 1968 - 13 April 1969. Holding as source of livelihood

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Arbeidsinnsats i jord- og hagebruk <i>Number of days worked in agriculture and horticulture</i>				Prosent av brukarane med bruket som einaste leveveg <i>Percentage of holders with holding as sole source of livelihood</i>
	Pr. bruk i alt <i>Per holding, total</i>	Pr. bruk utført av brukar og ektemake <i>Per holding worked by holder and spouse</i>		Pr. dekar jordbruksareal i drift <i>Per decare of agricultural area in use</i>	
		Mann <i>Male</i>	Kvinne <i>Female</i>		
Alle bruk <i>All holdings</i>	154	80	50	5,8	8,2
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	112	51	47	9,2	1,8
20 - 49,9 " "	174	94	54	5,7	9,8
50 - 99,9 " "	247	147	55	3,8	28,2
100 - 199,9 " "	323	186	46	2,5	44,3

Tabell 15. Driftsform 04 Sau. Utgifter til driftsmiddel m.v. Inntekter. Kroner
Type of farming 04 Sheep. Expenditures. Incomes. Kroner

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Utgifter i 1968 pr. dekar jordbruksareal i drift <i>Expenditures in 1968 per decare of agricultural area in use</i>						Inntekt pr. bruk etter skattelikninga <i>Income per holding by tax assessment</i>			
	Kraftfôr <i>Concentrates</i>	Handelsgjødsel <i>Commercial fertilizer</i>	Benzin, olje m.v. <i>Gasoline, oil, etc.</i>	Kjøp av maskinar og reiskapar <i>Purchase of machines and implements</i>	Nybygg, tilbygg og ombygging av <i>New buildings, extensions of existing buildings and rebuilding of</i>		Inntekt <i>Income</i>	Pensjonsgivande inntekt <i>Pensionable income</i>		
					Driftsbygningar <i>Farm buildings</i>	Våningshus <i>Dwelling-houses</i>		I teneste- forhold <i>Wages and salaries</i>	Utanfor teneste- forhold <i>Other income</i>	
Alle bruk <i>All holdings</i> ..	21,69	13,93	4,34	17,45	8,39	26,97	16 125	10 925	3 578	
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	23,03	14,84	2,79	10,98	6,23	45,66	16 092	12 111	2 282	
20 - 49,9 " "	20,07	12,79	4,10	15,38	5,74	24,13	15 710	10 401	3 721	
50 - 99,9 " "	22,23	14,46	5,76	25,51	10,62	21,36	17 007	8 121	7 586	
100 - 199,9 " "	27,65	17,38	6,31	25,54	20,82	10,13	21 683	6 457	13 524	

For bruk med minst 20 dekar jordbruksareal i drift var inntekter fra hytter, jakt og ferskvassfiske relativt vanlege ved driftsform Sau. For 33 prosent av bruka med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift med denne driftsforma var såleis hytter, jakt og ferskvassfiske oppgitt å vere av økonomisk verdi. Tilsvarande tal for alle bruk med denne bruksstorleiken var ca. 20 prosent. For dei minste bruka var derimot desse næringane ikkje meir vanlege ved driftsform Sau enn gjennomsnittleg for alle bruka.

c. Driftsform 13 Storfe (mjølk) og sau

Under omtalen av dei to føregåande driftsformene har ein peika på spesielle trekk ved mjølkeproduksjon på storfe og ved sauehald. Her tar ein hovudsakleg sikte på å vise korleis desse produksjonane var kombinerte i driftsform Storfe (mjølk) og sau. Både mjølkeproduksjon på storfe og sauehald krev jordbruksareal. Utviding av den eine produksjonen vil derfor naturleg føre til reduksjon av den andre. Driftsform Storfe (mjølk) og sau skulle ein derfor vente blei ein mellomting mellom driftsform Storfe (mjølk) og driftsform Sau. Dette viser seg og til ein viss grad å vere tilfelle. Om ein til dømes ser på husdyrhaldet på bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift, finn ein gjennomsnittleg 6,1 kyr og 4,2 sauer pr. bruk med driftsform Storfe (mjølk), 81,3 sauer og ingen kyr for driftsform Sau, og 4,5 kyr og 40,4 sauer for bruk med driftsform Storfe (mjølk) og sau. Når det galdt driftsstyrke låg likevel driftsform Storfe (mjølk) og sau nærmast driftsform Storfe (mjølk). Om vi framleis held oss til bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift, var det 8,9 husdyreiningar (utrekna på same måten som ved grupperinga av bruka) pr. bruk med driftsform Storfe (mjølk), 3,7 husdyreiningar pr. bruk med driftsform Sau og 8,2 husdyreiningar pr. bruk med driftsform Storfe (mjølk) og sau. Arbeidsinnsatsen i jord- og hagebruk viste tilsvarande mønster (452 dagsverk, 247 dagsverk og 444 dagsverk pr. bruk for same bruksstorleik og driftsformer som ovanfor). Utgiftene til handelsgjødsel pr. dekar jordbruksareal ved denne driftsforma låg og på linje med tilsvarande bruk med driftsform Storfe (mjølk), men likevel litt under. For t.d. bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var utgiftene til handelsgjødsel pr. dekar kr. 23,35 for driftsform Storfe (mjølk), kr. 14,46 for driftsform Sau og kr. 21,27 for driftsform Storfe (mjølk) og sau.

Skattedataene viste same mønster for driftsform Storfe (mjølk) og sau som for Storfe (mjølk). Det var likevel ved dei fleste bruksstorleikane litt større inntekt i tenesteforhold og litt mindre inntekt utanfor tenesteforhold ved driftsform Storfe (mjølk) og sau.

Tabell 18. Driftsform 13 Storfe (mjølk) og sau. Areal, dyretal, arbeidsinnsats 14. april 1968 - 13. april 1969, inntekter *Type of farming 13 Cattle (milk) and sheep. Area, number of animals, number of days worked 14 April 1968 - 13 April 1969, incomes*

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Tal bruk <i>Number of holdings</i>	Jordbruksareal i drift pr. bruk <i>Agricultural area in use per holding</i>	Av dette <i>Of which</i>					Arbeidsinnsats pr. bruk i jord- og hagebruk <i>Number of days worked per holding in agriculture and horticulture</i>	Inntekt pr. bruk etter skattelikninga <i>Income per holding by tax assessment</i>				
			Eng til slått <i>Meadows for mowing</i>	Kul- <i>tur- Pas- tures</i>		Ku i alt pr. bruk <i>Cows total per holding</i>	Sau i alt pr. bruk <i>Sheep total per holding</i>		Inntekt <i>Income</i>	Pensjonsgivande inntekt <i>Pensionable income</i>		I tenesteforhold <i>Wages and salaries</i>	Utanfor tenesteforhold <i>Other income</i>
				Prosent <i>Percentages</i>	Prosent <i>Percentages</i>	Dagsverk <i>Man-days</i>	Kroner			Kroner	Kroner		
Alle bruk <i>All holdings</i> ..	18 873	54,4	67,9	24,4	3,6	33,3	379	15 300	5 578	8 386			
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	1 519	14,5	87,3	6,8	1,3	12,5	214	14 134	9 119	3 435			
20 - 49,9 " "	8 583	35,2	78,3	16,2	2,3	21,7	324	14 486	6 992	5 806			
50 - 99,9 " "	7 203	67,5	67,9	25,2	4,5	40,4	444	15 319	3 876	10 350			
100 - 199,9 " "	1 429	126,5	54,4	34,0	8,3	78,4	531	20 184	2 315	17 627			
200 dekar og meir <i>decares and more</i>	139	263,7	37,4	45,7	14,2	140,4	689	27 929	1 590	25 560			

Tabell 19. Driftsform 13 Storfe (mjølk) og sau. Areal, dyretal, arbeidsinnsats 14. april 1968 - 13. april 1969, inntekter. Fylke. Bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift
Type of farming 13 Cattle (milk) and sheep. Area, number of animals, number of days worked 14 April 1968 - 13 April 1969, incomes. Counties. Holdings with 50 - 99.9 decares of agricultural area in use

Nr. Fylke No. County	Tal bruk Number of holdings	Jordbruksareal pr. bruk Agricultural area in use per holding	Av dette Of which				Arbeidsinnsats pr. bruk i jord- og hagebruk Number of days worked per holding in agriculture and horticulture	Inntekt pr. bruk etter skattelikninga Income per holding by tax assessment			
			Eng til slått Meadow for mowing	Kulturbeite Pastures	Ku I alt pr. bruk Cows, total per holding	Sau i alt pr. bruk Sheep, total per holding		Inntekt Income	Pensjonsgivande inntekt Pensionable income	I tenesteforhold Wages and salaries	Utanfor tenesteforhold Other income
		Dekar Decares	Prosent Percentages				Dagsverk Man-days	Kroner			
Heile landet <i>The whole country</i>		7 203	67,5	67,9	25,2	4,5	40,4	444	15 319	3 876	10 350
04	Hedmark	303	70,2	77,0	12,1	4,8	38,8	471	15 819	3 399	11 899
05	Oppland	366	69,4	72,3	15,0	4,6	38,1	469	15 119	2 259	11 246
06	Buskerud	268	69,7	70,9	20,8	3,9	43,8	410	15 837	2 349	12 272
08	Telemark	134	66,4	70,7	22,6	2,8	42,4	401	14 445	2 045	10 314
09	Aust-Agder	90	65,0	67,6	25,4	2,6	65,3	379	18 844	2 072	13 026
10	Vest-Agder	111	64,4	67,6	27,2	3,8	48,3	355	16 575	4 357	9 847
11	Rogaland	734	71,1	46,1	44,0	7,6	89,6	470	18 504	2 173	15 163
12	Hordaland	964	66,3	66,9	28,7	4,3	36,0	445	14 998	4 657	9 274
14	Sogn og Fjordane	1 652	67,1	68,4	27,0	4,7	35,4	492	14 573	3 941	9 917
15	Møre og Romsdal	769	66,0	65,3	27,3	4,5	30,7	438	16 101	4 234	10 697
16	Sør-Trøndelag	403	69,1	71,8	15,1	4,3	36,1	467	14 590	2 378	10 648
17	Nord-Trøndelag	174	67,9	71,6	13,7	3,5	41,1	404	15 355	3 166	12 295
18	Nordland	641	65,4	75,1	21,0	2,9	27,4	376	13 691	6 003	7 042
19	Troms	447	65,8	76,0	20,3	3,3	23,2	386	13 931	5 778	7 074
20	Finnmark	130	66,9	90,3	6,4	2,9	26,6	349	15 294	4 924	7 263

d. Driftsform 06 Korn

I dei typiske korndistrikta var denne driftsforma vanleg ved alle bruksstorleikar. 84 prosent av jordbruksareal i drift blei nytta til korn, erter og oljevekstar til mogning. Denne prosentdelen var 80 for dei minste bruka og auka til ca. 86 for dei største bruka. Eng til slått og kulturbeite utgjorde 10,8 prosent av jordbruksareal i drift, potet 2,0 prosent og brakk 1,6 prosent.

Ved bruka med driftsform Korn var det i gjennomsnitt grave 20 meter grøfter pr. dekar jordbruksareal i drift i perioden 1959 - 1969. I gjennomsnitt for alle bruk utan omsyn til driftsform var det grave 12,5 meter grøfter. Trass i dette blei det gitt opp at 16 prosent av jordbruksarealet ved bruk med driftsform Korn trong meir grøfting mot 13 prosent i gjennomsnitt for alle bruk. Dette kan tyde på at driftsform Korn set store krav til grøfting. Tilsvarande fann ein for andre driftsformer med stort åkerareal.

Det var svært lite husdyr på bruka med driftsform Korn, men det var likevel ein del bruk med svin og/eller høner i liten målestokk. Storfe og sau var det få bruk som hadde (ca. 5 prosent av bruka med kvart av desse dyreslaga), og ein må derfor rekne med at engavlinga i ei viss utstrekning blei seld. Ca. 10 prosent av bruka gav opp regelmessig sal av høy.

Det aller meste av kornarealet blei hausta med skurtreskjar. I alt var det 95,6 prosent av bruka som nytta skurtreskjar. På dei minste bruka blei det hovudsakleg nytta leigd skurtreskjar, medan dei største bruka hadde eigen skurtreskjar. Av bruka med eigen skurtreskjar hadde 59 prosent sjølvgåande skurtreskjar.

På 18,6 prosent av bruka var det tørkeanlegg for korn. Det var særleg dei største bruka som hadde dette, og av bruka med 200 dekar jordbruksareal og meir i drift hadde 68,4 prosent eige tørkeanlegg. 41,6 prosent av bruka med tørkeanlegg hadde varmluftsanlegg.

Tabell 20. Driftsform 06 Korn. Areal. Maskinar. Driftsanlegg *Type of farming 06 Grains. Area. Machines. Farm installations*

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Tal bruk <i>Number of holdings</i>	Jordbruksareal i drift <i>Agricultural area in use per holding</i>	Av dette korn <i>Of which grains</i>	Bruk med <i>Holdings with</i>			Bruk i alt som nytta skurtreskjar <i>Holdings, total which used combine harvesters</i>	Bruk med tørkeanlegg for korn <i>Holdings with drying plant for grains</i>		
				Traktor i alt <i>Tractors, total</i>	Skurtreskjar <i>Combine harvester</i>	Sjølvgåande <i>Self-propelled</i>		I alt <i>Total</i>	Varmluftstørke <i>Batch dryers (hot air dryers)</i>	
				Prosent		Percentages				
				Dekar						
				Decares						
Alle bruk <i>All holdings</i>	10 100	103,8	84,1	69,7	35,1	20,7	95,6	18,6	7,7	
5 - 19,9 dekar <i>decares</i> ..	1 353	12,7	80,3	21,4	1,0	0,7	82,6	0,1	-	
20 - 49,9 " " ..	2 559	33,4	79,6	51,2	6,9	3,0	93,9	2,3	0,3	
50 - 99,9 " " ..	2 559	71,1	82,0	79,4	27,7	12,5	98,7	9,1	1,6	
100 - 199,9 " " ..	2 279	138,8	84,1	91,8	63,1	32,5	99,3	28,9	9,7	
200 dekar og meir <i>decares and more</i>	1 350	331,9	85,8	97,9	89,4	69,7	99,9	68,4	37,9	

Av dei driftsformene som er spesifiserte i dette analysearbeidet hadde driftsform Korn det lågaste arbeidsforbruket i jord- og hagebruk. Dette gjaldt for alle bruksstorleikar. I gjennomsnitt blei det utført 1,5 dagsverk pr. dekar, varierende frå 4,3 dagsverk pr. dekar på bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift til 1,0 dagsverk pr. dekar på bruk med 200 dekar og meir.

Tabell 21. Driftsform 06 Korn. Arbeidsinnsats i jord- og hagebruk 14. april 1968 - 13. april 1969. Dagsverk *Type of farming 06 Grains. Number of days worked in agriculture and horticulture 14 April 1968 - 13 April 1969*

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	I alt <i>Total</i>	Pr. bruk <i>Per holding</i>		Pr. dekar jordbruksareal i drift <i>Per decare of agricultural area in use</i>
		Utført av brukar og ektemake <i>Days worked by holder and spouse</i>		
		Mann <i>Male</i>	Kvinne <i>Female</i>	
Alle bruk <i>All holdings</i>	158	93	20	1,5
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	55	30	10	4,3
20 - 49,9 " "	85	52	15	2,5
50 - 99,9 " "	142	86	20	2,0
100 - 199,9 " "	206	133	27	1,5
200 dekar og meir <i>decares and more</i>	348	177	26	1,0

Medan innsatsen av manuelt arbeid pr. dekar jordbruksareal i drift var liten ved driftsform Korn, var innsatsen av ymse andre produksjonsfaktorar fullt på høgd med tilsvarande innsats for til dømes driftsform Storfe (mjølk). Dette galdt produksjonsfaktorar som handelsgjødsel, kalk, plantervernsmiddel og maskinar. Utgiftene til handelsgjødsel på bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var kr. 24,46 pr. dekar for bruk med driftsform Korn mot kr. 23,35 for bruk med driftsform Storfe (mjølk). Det var derimot relativt små utgifter til nybygg, tilbygg og ombygging av driftsbygningane for bruk med driftsform Korn. Dette gav seg og utslag i alderen på driftsbygningane. Berre 5 prosent av grunnflata av driftsbygningane på bruk med driftsform Korn var bygd etter 1959, mot 16 prosent for driftsform Storfe (mjølk).

For bruk med under 100 dekar jordbruksareal i drift med driftsform Korn viste skattedataene at den gjennomsnittlege inntekta utanom bruket var større enn inntekta frå bruket. Inntekta frå bruket var likevel relativt stor for alle bruksstorleikar. Om ein samanliknar med driftsform Storfe (mjølk), gav bruket større inntekt ved driftsform Korn for bruk med under 20 dekar jordbruksareal i drift og for bruk med 200 dekar og meir. For dei mellomliggjande bruksstorleikane var pensjonsgivande inntekt utanfor tenesteforhold 10-20 prosent større for driftsform Storfe (mjølk) enn for driftsform Korn.

Tabell 22. Driftsform 06 Korn. Utgifter til driftsmiddel m.v. Inntekter. Kroner *Type of farming*
06 Grains. Expenditures. Incomes. Kroner

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Utgifter i 1968 pr. dekar jordbruksareal i drift <i>Expenditures in 1968 per decare of agricultural area in use</i>							Inntekt pr. bruk etter skattelikninga <i>Income per holding by tax assessment</i>		
	Kraftfôr <i>Concentrates</i>	Handelsgjødsel <i>Commercial fertilizers etc.</i>	Ben-sin, olje m.v. <i>Gasoline, oil, etc.</i>	Kjøp av maskinar og reiskapar <i>Purchase of machines and implements</i>	Nybygg, tilbygg og ombygging av <i>New buildings, extensions of existing buildings and rebuilding of</i>	Driftsbygningar <i>Farm buildings</i>	Våningshus <i>Dwelling-houses</i>	Inntekt <i>Income</i>	I tenesteforhold <i>Wages and salaries</i>	Utanfor tenesteforhold <i>Other income</i>
Alle bruk <i>All holdings ..</i>	12,94	24,54	7,31	39,09	6,19	11,71	25 499	9 725	13 507	
5 - 19,9 dekar <i>decares</i>	17,24	22,91	5,59	24,09	8,90	43,39	20 099	12 849	4 759	
20 - 49,9 " "	17,04	22,87	7,19	21,80	3,68	31,62	19 706	11 854	6 054	
50 - 99,9 " "	14,95	24,46	7,71	30,49	5,94	15,09	23 739	11 015	10 552	
100 - 199,9 " "	10,79	24,90	7,36	38,81	7,10	9,57	28 109	7 469	18 915	
200 dekar og meir <i>decares and more</i>	12,66	24,65	7,19	46,61	6,02	6,81	40 685	3 982	32 632	

Tabell 23. Driftsform 06 Korn. Areal, maskinar, arbeidsinnsats 14. april 1968 - 13. april 1969, inntekter. Fylke. Bruk med 100 - 199,9 dekar jordbruksareal i drift *Type of farming 06 Grains. Area, machines, number of days worked 14 April 1968 - 13 April 1969, incomes. Counties. Holdings with 100 - 199.9 decares of agricultural area in use*

Nr. Fylke No. County	Tal bruk Number of hold- ings	Jord- bruks- areal i drift pr. bruk Agricultural area in use per holding	Av dette korn Of which grains	Bruk med <i>Holdings with</i>			Bruk i alt som nytt skur- tresk- jar Hol- dings, which used combine har- vester	Arbeids- innsats pr. bruk i jord- og hage- bruk Number of days worked per hol- ding in agricul- ture and horti- culture	Inntekt pr. bruk etter skattelikninga <i>Income per holding by tax assessment</i>		
				Skur- tresk- jar Com- bine har- vester	Tørke- anlegg for korn Drying plant for grains	Prosent Percentages			Dagsverk Man-days	Inn- tekt In- come	Pensjonsgivande inntekt <i>Pensionable income</i>
Heile landet <i>The whole country</i>	2 279	138,8	84,1	63,1	28,9	99,3	206	28 109	7 469	18 915	
01 Østfold	386	138,4	84,2	63,7	20,2	99,2	194	27 569	8 902	18 222	
02 Akershus	341	144,7	82,6	59,8	24,6	99,4	192	27 988	9 755	16 388	
04 Hedmark	407	137,3	88,9	62,9	26,0	99,8	200	25 277	6 062	17 401	
05 Oppland	147	142,8	79,6	67,3	36,1	98,6	236	27 724	6 243	20 959	
06 Buskerud	350	137,7	85,7	67,1	35,7	99,4	208	29 559	4 670	22 662	
07 Vestfold	349	137,9	86,7	62,5	20,3	100,0	207	32 932	8 397	21 803	
17 Nord-Trøndelag	137	137,8	78,1	68,6	70,1	97,1	228	21 994	8 507	14 919	

Som nemnt under innleiinga tok dette opplegget særleg omsyn til dei tradisjonelle jordbruksproduksjonane. Vekstar som t.d. jordbær, bringebær og enkelte grønsakslag kunne derfor vere av relativt stor økonomisk verdi på bruket utan at vedkomande produksjon fekk innverknad på grupperinga etter driftsform. Ein del driftsformer med desse produksjonane kom og ut som restgrupper ved grupperinga. Dette galdt til dømes restgruppa for bruk med 2 husdyrproduksjonar og 1 planteproduksjon. I fruktstroka på Vestlandet kom mange av bruka i denne gruppa. Dei hadde t.d. storfe (mjølk), sau og frukt. Av bruka i denne gruppa hadde 35 prosent regelmessig sal av frukt, 21 prosent regelmessig sal av hagebær, 16 prosent regelmessig sal av potet og 9 prosent regelmessig sal av grønsaker. I alt var det 1 984 bruk med denne driftsforma. 804 bruk kom i restgruppe for bruk med 2 planteproduksjonar og 1 husdyrproduksjon. Av desse hadde 41 prosent regelmessig sal av potet, 40 prosent regelmessig sal av grønsaker, 32 prosent regelmessig sal av hagebær og 17 prosent regelmessig sal av frukt. Alle bruk med 3 husdyrproduksjonar og 1 planteproduksjon kom i same gruppe utan omsyn til kva produksjonar som blei drivne. Planteproduksjonen var nok i mange tilfelle korn for desse bruka, men ein del bruk hadde potet, grønsaker eller frukt og hagebær. I alt 1 504 bruk kom med i denne gruppa. Det kan og vere grunn til å nemne bruka med 2 planteproduksjonar og 2 husdyrproduksjonar. 54 prosent av desse hadde regelmessig sal av potet. Innan denne gruppa var det og mange bruk med regelmessig sal av grønsaker, frukt og hagebær.

I tabell 43 er vist omfanget av dei viktigaste driftsformene der potet, grønsaker og frukt og bær var spesifisert. Omfanget av desse driftsformene var størst på dei minste bruka. Særleg galdt dette driftsformene med frukt og bær. For heile landet var omfanget av desse driftsformene relativt lite. I enkelte fylke var likevel nokre av desse driftsformene viktige ved enkelte bruksstorleikar. Dette galdt til dømes driftsform Frukt og bær i Sogn og Fjordane der 7,8 prosent av bruka med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift hadde denne driftsforma.

Tabell 43. Bruk av ulik storleik med ymse driftsformer med potet, grønsaker og frukt og bær *Holdings of different size with various types of farming with potatoes, vegetables and fruit and berries*

Nr. Driftsform No. Type of farming	1) 1)	I alt Total	5-19,9 dekar decares	20-49,9 dekar decares	50-99,9 dekar decares	100- 199,9 dekar decares	200 dekar og meir decares and more
07 Potet		600	424	119	46	10	1
08 Grønsaker		177	88	48	23	15	3
09 Frukt og bær		1 269	916	258	74	17	4
30 Korn og potet		649	150	121	105	147	126
33 Potet og grønsaker		343	139	91	66	43	4
34 Potet og frukt og bær		563	493	58	9	2	1
46 Potet og storfe (mjølk)		270	41	76	86	51	16
49 Potet og svin		216	158	34	18	6	-
57 Frukt og bær og storfe (mjølk)/storfe (slakt)		322	78	131	87	19	7
59 Frukt og bær og sau/geit		530	292	168	64	5	1
72 Potet, storfe (mjølk) og svin		262	48	55	94	58	7
83 Korn, potet og svin		315	82	68	60	65	40

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) English text see appendix 1.

Tabell 44 gir tal for driftsformene Potet, Grønsaker og Frukt og bær. Driftsforma Potet var ei relativt ekstensiv driftsform ved bruksstorleikar der den var mest vanleg. Til dømes for bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift hadde ein del av bruka hovudsakleg potet til eige bruk og dessutan sal av hø. Arbeidsforbruket ved denne bruksstorleiken var berre litt større enn for driftsform Korn. Ved aukande bruksstorleik auka derimot arbeidsinnsatsen meir for driftsform Potet enn for driftsform Korn. Potetarealet auka frå 3,1 dekar i gjennomsnitt pr. bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift til 12,2 dekar pr. bruk med 20 - 49,9 dekar. Også ved denne bruksstorleiken var det ein del eng. Kornareal kom også inn ved driftsform Potet for litt større bruk. Det var likevel få bruk med over 100 dekar jordbruksareal i drift med driftsform Potet. Ved bruk av denne storleik var det derimot eit visst omfang av driftsformer med potetdyrking i kombinasjon med korn, grønsaker eller husdyr.

Bruka med driftsform Grønsaker hadde betydeleg areal under glas/plast. I gjennomsnitt for alle bruka med denne driftsforma var areal under glas/plast 845 m² pr. bruk. Dette førte til at desse bruka blei større verksemdar enn jordbruksareal i drift skulle tilseie ved meir vanlege driftsformer. For denne driftsforma var inntekta frå bruket mest like stor ved bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift som for mjølkeproduksjonsbruk med 100 - 199,9 dekar jordbruksareal i drift. Det viste seg og at sjølv ved bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift hadde 53 prosent av brukarane med driftsform Grønsaker bruket som einaste leveveg.

Driftsforma Frukt og bær gav ikkje grunnlag for å ha bruket som einaste leveveg ved dei minste bruksstorleikane. For bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift gav berre 6 prosent av brukarane opp at bruket var einaste leveveg. Tilsvarende tal for driftsform Grønsaker var 53 prosent og for Potet 3 prosent. Ved sida av frukttre, bærbuskar og eng hadde bruka med driftsform Frukt og bær ein del jordbær og bringebær. I gjennomsnitt for alle bruk med denne driftsforma utgjorde desse 2 bærsлага 1,1 dekar, varierende frå 0,5 dekar pr. bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift til 3,1 dekar pr. bruk med 50 - 99,9 dekar. Det var 28 prosent av bruka med denne driftsforma som hadde jordbær og 17 prosent som hadde bringebær. Vidare hadde 6 prosent av bruka veksthus og benker. For bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift blei det pr. bruk med driftsform Frukt og bær utført 565 dagsverk i jord- og hagebruk. Dette var meir enn for tilsvarende bruk med driftsform Storfe (mjølk). For mindre bruk var derimot arbeidsinnsatsen større ved driftsform Storfe (mjølk) enn ved driftsform Frukt og bær. Ein mindre del av arbeidsinnsatsen ved den sist nemnde driftsforma blei utført av brukar og ektemake enn ved t.d. driftsform Storfe (mjølk). Dette galdt særleg bruk med minst 50 dekar jordbruksareal i drift, og for bruk med 50 - 99,9 dekar utførte brukar og ektemake berre 44 prosent av arbeidsinnsatsen ved driftsform Frukt og bær mot 81 prosent ved driftsform Storfe (mjølk).

Tabell 44. Driftsformene 07 Potet, 08 Grønsaker og 09 Frukt og bær *The types of farming 07 Potatoes, 08 Vegetables and 09 Fruit and berries*

	07 Potet <i>Potatoes</i>		08 Grønsaker <i>Vegetables</i>			09 Frukt og bær <i>Fruit and berries</i>			
	Med bruks- storleik <i>With size of holdings</i>		Alle bruk <i>All holdings</i>	Med bruks- stor- leik 5-19,9 dekar <i>With size of holdings 5-19.9 decares</i>	Alle bruk <i>All holdings</i>	Med bruksstorleik <i>With size of holdings</i>			
	5-19,9 dekar <i>decares</i>	20-49,9 dekar <i>decares</i>				Alle bruk <i>All holdings</i>	5-19,9 dekar <i>decares</i>	20-49,9 dekar <i>decares</i>	50-99,9 dekar <i>decares</i>
Tal bruk <i>Number of holdings</i>	600	424	119	177	88	1 269	916	258	74
Jordbruksareal i drift pr. bruk. Dekar <i>Agricultural area in use per holding. Decares</i>	20,2	9,2	29,1	40,0	10,9	18,8	9,0	29,5	66,0
Av dette i prosent: <i>Of which as percentages:</i>									
Korn <i>Grains</i>	10,5	4,0	7,9	11,9	1,9	2,3	0,5	1,7	3,1
Potet <i>Potatoes</i>	42,4	33,6	41,8	0,7	0,6	0,7	0,9	0,7	0,5
Grønsaker <i>Vegetables</i>	0,8	0,4	0,6	60,3	60,6	0,2	0,3	0,3	0,1
Jordbær <i>Strawberries</i>	0,1	0,1	0,2	0,3	0,1	4,7	4,4	4,2	4,0
Bringebær <i>Raspberries</i>	0,0	0,0	0,0	0,1	-	0,9	0,9	1,2	0,7
Eng til slått og kulturbeite <i>Meadows for mowing and pastures</i>	35,6	48,1	39,9	13,5	16,7	32,3	35,3	35,7	30,7
Frukttre i alt pr. bruk <i>Fruit trees, total per holding</i>	3	3	4	8	3	257	85	382	1 183
Bærbuskar i alt pr. bruk <i>Bacci- ferous shrubs, total per holding.</i>	8	8	9	7	6	61	37	81	133
Areal veksthus og -benker pr. bruk. m ² <i>Area of nurseries per holding. m²</i>	7	6	10	845	760	39	21	66	165
Arbeidsinnsats i jord- og hage- bruk 14. april 1968 - 13. april 1969. Dagsverk <i>Number of days worked in agriculture and horti- culture 14 April 1968 - 13 April 1969</i>									
I alt pr. bruk <i>Total per hol- ding</i>	103	60	144	690	462	182	103	285	565
Utført av mannleg brukar og mannleg ektemake pr. bruk <i>Worked by male holder and male spouse per holding</i>	55	33	82	224	200	77	51	127	188
Utført av kvinneleg brukar og kvinneleg ektemake pr. bruk <i>Worked by female holder and female spouse per holding</i>	22	17	23	82	85	35	26	57	60
I alt pr. dekar jordbruksareal i drift <i>Total per decare of agricultural area in use</i>	5	7	5	17	42	10	11	10	9
Utgifter i 1968 til driftsmiddel m.v. pr. dekar jordbruksareal i drift. Kroner <i>Expenditures in 1968 per decare of agricultural area in use. Kroner</i>									
Kraftfôr <i>Concentrates</i>	15,10	24,13	16,98	15,98	7,43	7,07	6,22	11,76	3,65
Handelsgjødsel <i>Commercial fertilizer</i>	27,72	21,74	29,90	67,80	84,50	19,41	20,00	19,46	19,44
Kalk <i>Lime</i>	0,54	0,54	0,62	9,93	10,18	0,80	0,67	0,78	0,73
Plantevernsmiddel <i>Herbicides, pesticides etc.</i>	2,62	1,20	2,58	24,60	36,97	23,30	16,00	23,59	29,39

Tabell 44 (framh.). Driftsformene 07 Potet, 08 Grønsaker og 09 Frukt og bær *The types of farming 07 Potatoes, 08 Vegetables and 09 Fruit and berries*

	07 Potet		08 Grønsaker		09 Frukt og bær				
	Alle bruk	Med bruksstorleik		Alle bruk	Med bruksstorleik 5-19,9 dekar	Med bruksstorleik			
		5-19,9 dekar	20-49,9 dekar			Alle bruk	5-19,9 dekar	20-49,9 dekar	50-99,0 dekar
Utgifter i 1968 til driftsmiddel m.v. pr. dekar jordbruksareal i drift. Kroner (framh.) <i>Expenditures in 1968 per decare of agricultural area in use. Kroner (cont.)</i>									
Bensin, olje m.v. <i>Gasoline, oil, etc.</i>	9,46	7,72	10,72	40,95	62,29	13,19	7,67	13,22	18,26
Kjøp av maskinar og reiskapar <i>Purchase of machines and imple-</i> <i>ments</i>	52,97	69,46	33,78	75,83	163,39	45,96	19,11	37,59	64,48
Nybygg, tilbygg og ombygging av: <i>New buildings, extensions of existing buildings and re-</i> <i>building of:</i>									
Driftsbygningar <i>Farm</i> <i>buildings</i>	13,07	16,52	-	73,28	195,41	20,69	7,56	19,63	53,56
Våningshus <i>Dwelling-houses</i> .	53,76	111,85	40,79	27,78	83,39	55,21	80,89	29,93	64,88
Inntekt pr. bruk etter skatte- likninga. Kroner <i>Income per</i> <i>holding by tax assessment.</i> Kroner									
Inntekt <i>Income</i>	19 806	19 328	18 775	27 609	25 433	23 978	24 491	21 128	23 445
Pensjonsgivande inntekt <i>Pen-</i> <i>sionable income</i>									
I tenesteforhold <i>Wages and</i> <i>salaries</i>	12 351	13 236	10 908	3 652	4 035	11 085	12 470	8 456	4 470
Utanfor tenesteforhold <i>Other income</i>	5 393	3 297	6 884	21 496	18 329	7 357	5 491	9 288	17 376

IV. SAMANLIKNING MELLOM DRIFTSFORMENE

Under omtalen av ymse driftsformer er det utført visse samanlikningar. Desse samanlikningane har som føremål å understreke typiske trekk ved enkelte driftsformer og gjeld derfor som regel berre driftsforma som blir omtala og ei samanlikningsgruppe. Då kvar av driftsformene har sine typiske trekk er det heller ikkje alltid det same som er omtala for kvar driftsform. For fleire kjennemerke kan det derfor vere ynskjeleg med ein samla omtale for driftsformene.

I dette avsnittet har ein samanlikna arbeidsinnsats, bruket som leveveg for brukar og ektemake og økonomisk resultat. Det er dessutan teke med ein del vedleggstabellar som er oppstilte med tanke på samanlikning av driftsformene. Desse tabellane har med dei mest vanlege driftsformene for kvar bruksstorleik.

1. Arbeidsinnsats

a. På bruket

Ved grupperinga av bruka etter driftsform blei det berre teke omsyn til jord- og hagebruk. Det er derfor rimeleg å ta utgangspunkt i arbeidsinnsatsen i jord- og hagebruk når ein skal samanlikne arbeidsforbruket ved ymse driftsformer. I dei fleste tabellar har ein derfor ikkje teke med arbeid i skogbruket.

I tabell 45 har ein vist arbeidsinnsatsen pr. bruk i jord- og hagebruk for ymse driftsformer med tradisjonelle jordbruksproduksjonar. I denne tabellen har ein samla driftsformene i grupper. Ein har såleis stilt saman driftsformer med hovudvekt på mjølkeproduksjon, driftsformer med hovudvekt på kjøttproduksjon (storfe, sau) og driftsformer med hovudvekt på kornproduksjon. Av desse gruppene hadde driftsformene med mjølkeproduksjon størst arbeidsinnsats. Driftsformene med både storfe (mjølk) og korn viste eit arbeidsforbruk som låg nærmare driftsform Storfe (mjølk) enn driftsform Korn og er tekne med saman med driftsformene med hovudvekt på mjølkeproduksjon. Driftsformene som hadde med korn viste likevel lågare arbeidsinnsats enn tilsvarende driftsformer utan korn. Driftsformer med mjølkeproduksjon på geit viste større arbeidsinnsats enn driftsformene med mjølkeproduksjon på storfe. Driftsformene med storfe (slakt) viste eit arbeidsforbruk som stort sett samsvara med tilsvarende driftsformer med sau. Arbeidsinnsatsen ved desse driftsformene låg stort sett på 50-70 prosent av arbeidsinnsatsen ved tilsvarende driftsformer med mjølkeproduksjon på storfe. Driftsform Korn viste det lågaste arbeidsforbruket av alle spesifiserte driftsformer. Driftsformene der potet, høner og svin var kombinert med korn, viste ein arbeidsinnsats av same storleik som driftsformene med storfe (slakt) eller sau.

Tabell 45. Arbeidsinnsats i jord- og hagebruk 14. april 1968 - 13. april 1969 pr. bruk etter bruksstorleik og driftsform. Dagsverk *Number of days worked in agriculture and horticulture 14 April 1968 - 13 April 1969 per holding by size of holding and type of farming.*
Man-days

Nr. Driftsform No. Type of farming ¹⁾	Alle bruk All holdings	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>				
		5-19,9 dekar decares	20-49,9 dekar decares	50-99,9 dekar decares	100-199,9 dekar decares	200 dekar og meir decares and more
Alle bruk <i>All holdings</i>	300	119	247	396	469	605
00 Storfe (mjølk)	416	200	329	452	536	696
05 Geit	418	327	416	477	:	:
10 Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	375	196	292	400	505	602
11 Storfe (mjølk) og høner	390	219	321	450	548	:
12 Storfe (mjølk) og svin	466	190	335	477	554	843
13 Storfe (mjølk) og sau	379	214	324	444	531	689
14 Storfe (mjølk) og geit	498	320	431	550	690	:
40 Korn og storfe (mjølk)	530	:	308	394	498	685
60 Korn, storfe (mjølk) og storfe (slakt).	437	-	:	363	423	541
61 Korn, storfe (mjølk) og høner	432	:	:	387	469	567
62 Korn, storfe (mjølk) og svin	502	:	307	422	497	660
01 Storfe (slakt)	169	105	164	243	341	:
16 Storfe (slakt) og svin	218	117	187	311	432	:
17 Storfe (slakt) og sau	210	147	195	260	332	:
04 Sau	154	112	174	247	323	:
21 Høner og sau	161	122	188	272	:	:
23 Svin og sau	164	104	173	284	:	:
06 Korn	158	55	85	142	206	348
30 Korn og potet	297	60	132	278	346	698
42 Korn og høner	269	138	213	292	382	442
43 Korn og svin	274	72	161	276	377	466
64 Korn, høner og svin	260	106	192	280	371	479

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) *English text see appendix 1.*

Bak gjennomsnittstala for dagsverk pr. bruk var det store variasjonar. Dette går fram av tabell 46 der bruka er fordelte etter arbeidsinnsats på bruket for ymse driftsformer. For å dra nytte av tidlegare programmerings- og kodingsarbeid har ein i denne tabellen også teke med skogsarbeid. Dette har liten innverknad på hovudtendensane som tabellen viser, men tala for dagsverk pr. bruk vil avvike litt frå det som er gitt andre stader i denne publikasjonen for dagsverk i jord- og hagebruk pr. bruk.

Tabell 46. Bruka etter arbeidsinnsats på bruket²⁾ ved ymse driftsformer. Bruk med 50-99,9 dekar jordbruksareal i drift *Holdings by days worked on the holding²⁾ for various types of farming. Holdings with 50-99.9 decares of agricultural area in use*


Nr. Driftsform ¹⁾ No. Type of farming ¹⁾	Bruk i alt Number of hold- ings, total	Av desse med <i>Of which with</i>							600 dags- verk og meir man- days and more	Arbeids- innsats pr. bruk Days worked per holding
		Under 100 dags- verk man- days	100- 199 dags- verk man- days	200- 299 dags- verk man- days	300- 399 dags- verk man- days	400- 499 dags- verk man- days	500- 599 dags- verk man- days	Prosent Percentages		
Alle bruk	42 240	6,5	7,9	11,8	20,8	20,7	15,6	16,8	415	
00 Storfe (mjølk)	13 836	0,4	2,9	8,6	22,8	25,5	19,8	20,1	469	
05 Geit	139	0,7	0,7	6,5	20,9	29,5	20,9	20,7	485	
40 Korn og storfe (mjølk)	492	2,0	4,5	14,8	26,8	23,0	16,7	12,1	415	
01 Storfe (slakt)	357	11,8	25,2	26,6	21,0	7,8	3,6	3,9	261	
04 Sau	1 434	7,7	21,8	28,0	26,8	9,0	4,1	2,5	274	
06 Korn	2 559	44,8	24,0	16,4	9,6	2,3	1,2	1,8	170	
30 Korn og potet	105	13,3	23,8	14,3	20,0	15,2	8,6	4,8	295	
43 Korn og svin	310	10,6	23,9	20,3	24,8	9,4	4,5	6,3	288	

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1. 2) Medrekna arbeid i skogen.

1) English text see appendix 1. 2) Inclusive forest work.

For same storleiksklasse var gjennomsnittleg bruksstorleik om lag lik for alle driftsformene. Av den grunn gir totaltala pr. bruk i tabell 45 det same tilhøvet mellom driftsformene som tala for arbeidsinnsats pr. dekar jordbruksareal i drift. Derimot minka arbeidsinnsatsen pr. dekar med aukande bruksstorleik, medan arbeidsinnsatsen pr. bruk auka. Arbeidsinnsatsen pr. dekar er vist i diagram 1 på neste side.


Diagram 1. Arbeidsinnsats i jord- og hagebruk 14. april 1968 - 13. april 1969 pr. dekar jordbruksareal i drift etter bruksstorleik. Driftsformene 00 Storfe (mjølk), 04 Sau og 06 Korn
Number of days worked in agriculture and horticulture 14 April 1968 - 13 April 1969 per decare of agricultural area in use by size of holdings. The types of farming 00 Cattle (milk), 04 Sheep and 06 Grains



Det kan vere interessant å sjå arbeidsinnsatsen ved ymse driftsformer i høve til disponibel arbeidskraft hos brukar og ektemake. Dette er vist i diagram 2 der ein har sett disponibel arbeidskraft for brukar og ektemake til 420 dagsverk pr. bruk. Ved fastsetjing av den disponible arbeidsinnsatsen har ein teke utgangspunkt i tala for bruk med minst 50 dekar jordbruksareal i drift og vidare gått ut frå at det skal vere både brukar og ektemake på bruket. I gjennomsnitt for alle bruk med minst 50 dekar jordbruksareal i drift utførte mannlege brukarar og mannlege ektemakar 295 dagsverk pr. person på og utanfor bruket og kvinnelege brukarar og kvinnelege ektemakar 127 dagsverk utanom husarbeid. Arbeidsinnsatsen utanom husarbeid for brukar og ektemake i gjennomsnitt for alle bruk låg likevel langt lågare enn dette (339 dagsverk). Dette kom av at det på ein del bruk var brukarar som ikkje var gifte. Vidare var det ei viss undersyssetjing på dei minste bruka.

Diagram 2 viser at for driftsformer med mjølkeproduksjon på storfe var den gjennomsnittlige arbeidsinnsatsen på bruk med 50-99,9 dekar om lag av same storleik som den disponible arbeidskrafta til brukar og ektemake. For driftsformer med kjøttproduksjon på sau og/eller storfe var arbeidsinnsatsen under 420 dagsverk ved alle bruksstorleikane der vedkomande driftsformer var vanlege. (Under 200 dekar jordbruksareal i drift). Einsidig korndyrking viste heller ikkje eit arbeidsforbruk av same storleik som arbeidskrafta til brukar og ektemake før ein kom opp på ca. 400 dekar jordbruksareal i drift. For korn må ein likevel ta omsyn til at ein stor del av arbeidet blei utført i vekstsesongen. Som vist i diagram 1 minka arbeidsinnsatsen pr. dekar jordbruksareal i drift med aukande bruksstorleik. Dette tyder på at arbeidskrafta blir mindre effektivt utnytta på små enn på store bruk. Ein kan derfor ikkje konkludere med at for t.d. mjølkeproduksjon på storfe er 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift ein høveleg bruksstorleik når bruket blir drive av brukar og ektemake. Det materialet viser er at ved den mekaniseringa og det driftsopplegget som var vanleg ved denne bruksstorleiken kunne bruket gi full sysselsetjing for brukar og ektemake.

Diagram 2. Arbeidsinnsats pr. bruk i jord- og hagebruk 14. april 1968 - 13. april 1969 etter bruksstorleik ved ymse driftsformer *Number of days worked per holding in agriculture and horticulture 14 April 1968 - 13 April 1969 by size of holdings for different types of farming*



Dei mannlege brukarane og mannlege ektemakane har ein gruppert etter arbeidsinnsatsen på bruket for ymse driftsformer. Som venta fann ein at ei overvekt av brukarane hadde utført minst 280 dagsverk på bruk med driftsform og bruksstorleik som skulle tilseie full utnytting av arbeidskrafta til brukaren og ektemaken. På tilsvarande måte fann ein overvekt av brukarar som hadde utført mindre enn 280 dagsverk på bruket ved driftsformer som ikkje skulle tilseie full utnytting av arbeidskrafta. Det var likevel store variasjonar, og for dei fleste driftsformene varierte arbeidsinnsatsen på bruket av brukaren frå under 100 til over 300 dagsverk ved same bruksstorleik. Som vist i tabell 46 var det variasjon i den samla arbeidsinnsatsen på bruket mellom bruk med same driftsform og bruksstorleik. Ein må og rekne med at brukaren sjølv har utført ein varierende del av den samla arbeidsinnsatsen på bruket. Ofte kan ein liten innsats på bruket av brukaren ha blitt kompensert ved arbeid utført av leigd hjelp eller familiemedlemer.

Tabell 47. Prosent av mannlege brukarar og mannlege ektemakar som hadde utført 280 dagsverk og meir på bruket *Percentages of male holders and male spouses who had worked 280 days and more on the holding*

Nr. Driftsform Nc. Type of farming ¹⁾	Alle bruk All holdings	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>					200 dekar og meir decares and more
		5-19,9 dekar decares	20-49,9 dekar decares	50-99,9 dekar decares	100-199,9 dekar decares		
Alle bruk <i>All holdings</i>	33,3	4,4	19,6	50,6	69,7	72,6	
00 Storfe (mjølk)	50,9	6,6	29,5	60,0	81,1	85,5	
05 Geit	37,6	14,1	34,4	57,7	:	:	
40 Korn og storfe (mjølk)	74,7	:	27,3	57,5	80,0	86,6	
01 Storf (slakt)	10,4	2,2	8,2	21,4	42,0	:	
04 Sau	7,0	1,6	7,9	23,1	42,6	:	
06 Korn	15,1	2,7	3,5	11,2	23,9	40,5	
30 Korn og potet	28,4	1,3	11,7	31,7	45,8	53,8	
43 Korn og svin	38,0	2,4	11,0	34,6	62,9	74,1	

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) *English text see appendix 1.*

Tabell 48. Mannlege brukarar og mannlege ektemakar etter dagsverk på bruket. Prosent. Bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift *Male holders and male spouses by number of days worked on the holding. Percentages. Holdings with 50 - 99.9 decares of agricultural area in use*

Nr. Driftsform Nc. Type of farming ¹⁾	I alt Total	Dagsverk					280 dagsverk og meir man-days and more
		Under 80 dagsverk man-days	80-129 dagsverk man-days	130-179 dagsverk man-days	180-229 dagsverk man-days	230-279 dagsverk man-days	
Alle bruk <i>All holdings</i>	100,0	13,5	8,7	6,4	10,3	10,5	50,6
00 Storf (mjølk)	100,0	5,4	6,1	5,6	11,0	12,0	60,0
05 Geit	100,0	3,6	4,4	5,8	13,1	15,3	57,7
40 Korn og storfe (mjølk)	100,0	8,1	7,2	7,6	9,3	10,2	57,5
01 Storf (slakt)	100,0	26,0	22,8	11,3	8,7	9,8	21,4
04 Sau	100,0	23,5	16,2	10,9	14,3	12,0	23,1
06 Korn	100,0	52,9	14,3	7,5	8,4	5,6	11,2
30 Korn og potet	100,0	18,8	13,9	9,9	11,9	13,9	31,7
43 Korn og svin	100,0	23,3	16,3	11,0	7,0	8,0	34,6

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) *English text see appendix 1.*

b. Utanom bruket

Som venta var arbeidsinnsatsen utanom bruket størst for driftsformene med minst arbeid på bruket. Det viste seg likevel at den totale arbeidsinnsatsen til brukar og ektemake utanom husarbeid ikkje var like stor pr. bruk ved alle driftsformene. Vanlegvis var den totale arbeidsinnsatsen av brukar og ektemake størst for dei driftsformene der arbeidsinnsatsen på bruket var størst. Av denne grunn var arbeidsinnsatsen utanom bruket av brukar og ektemake ikkje så stor for enkelte driftsformer som arbeidsinnsatsen på bruket skulle tilseie. For bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift er dette vist i tabell 49. Der er nokre av dei viktigaste driftsformene stilte opp etter arbeidsinnsats på bruket av brukar og ektemake. Ein finn grunn til å minne om at tala er gjennomsnittstal pr. bruk. Ulik prosent gifte brukarar ved dei ymse driftsformene gir seg derfor utslag i gjennomsnittstala for kvinner. Dette spela størst rolle for driftsform Sau med stor prosent ugifte brukarar, men det var og ein viss tendens til større prosent ugifte brukarar for dei andre driftsformene med liten arbeidsinnsats på bruket og då særleg for dei mellomstore bruka. Dette er litt av årsaka til den reduserte arbeidsinnsatsen av kvinner for driftsformer med liten arbeidsinnsats på bruket. Det var likevel tydeleg at arbeidskrafta til kvinnelege brukarar og ektemakar som blei frigitt ved ei meir ekstensiv driftsform berre i liten utstrekning blei nytta til arbeid utanom bruket. Ein må derfor rekne med at kvinnelege brukarar og kvinnelege ektemakar ved driftsformer med liten arbeidsinnsats på bruket brukte ein større del av si tid til husarbeid/fritid.

Den totale arbeidsinnsatsen av mannlege brukarar og mannlege ektemakar var også mindre pr. bruk ved arbeidsektensive driftsformer. Dette kan vere uttrykk for at brukarar med desse driftsformene hadde betre høve til å ta vanlege feriar, men det kan og vere uttrykk for dårleg utnytting av arbeidskrafta. I ein del tilfelle må ein såleis kunne rekne med at det var vanskeleg å finne alternativ sysselsetjing utanfor bruket. Vidare kan det tenkjast at brukarar med lita arbeidsevne i ei viss utstrekning valde arbeidsektensive driftsformer. Også andre faktorar kan spele inn, men årsakssamanheng er ikkje undersøkt nærmare i denne analysen.

Tabell 49. Arbeidsinnsats på og utanom bruket av brukar og ektemake i gjennomsnitt pr. bruk. Dagsverk. Bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift *Number of days worked on and off the holding by holder and spouse. Average per holding. Man-days. Holdings with 50 - 99.9 decarees of agricultural area in use*

Nr. Driftsform No. Type of farming	I alt ²⁾ Total ²⁾			På bruket ²⁾ On the holding ²⁾			Utanom bruket Off the holding		
	I alt Total	Mann Male	Kvinne Female	I alt Total	Mann Male	Kvinne Female	I alt Total	Mann Male	Kvinne Female
12 Storfe (mjølk) og svin	438	307	131	404	277	126	35	29	5
00 Storfe (mjølk)	422	291	131	380	253	127	42	38	4
13 Storfe (mjølk) og sau	404	282	122	353	235	118	51	47	4
43 Korn og svin	355	277	78	248	182	66	107	95	12
04 Sau	332	261	71	222	167	55	110	95	16
01 Storfe (slakt)	354	280	75	214	155	59	140	124	16
06 Korn	273	236	37	124	104	20	150	132	18

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1. 2) Husarbeid er ikkje medrekna.

1) *English text see appendix 1.* 2) *Exskl. domestic work.*

2. Bruket som leveveg for brukar og ektemake

Svært ofte er det faktorar som interesse, tilgang på arbeid utanom bruket, generell lønsemd i jordbruket samanlikna med andre næringar og liknande, som avgjer om brukaren/ektemaken tar arbeid utanom bruket. Ved planlegginga av drifta på bruket vil derfor arbeidskraftsituasjonen for brukaren ofte vere gitt. For brukarar som tar sikte på å arbeide mykje utanom bruket, vil problemstillinga ofte vere å finne ei driftsform som gir størst mogleg utnytting av produksjonsapparatet utan å krevje for mykje av eiga arbeidskraft. Det kan og vere aktuelt å finne ei driftsform som kan halde bruket "i drift" med minst mogleg eigeninnsats. For dei som baserer seg på å ha bruket som einaste inntektskjelde, vil problemstillinga ofte vere å få størst mogleg arbeidsinntekt frå bruket.

Ut frå teoriene ovanfor skulle ein vente at ein på bruk der bruket var ikkje viktigaste leveveg, ville finne driftsformer med liten arbeidsinnsats og med godt økonomisk resultat i høve til arbeidsinnsatsen. For bruk som var einaste leveveg for brukar og ektemake skulle ein vente å finne dei driftsformene som gav størst inntekt på bruket. Dette ville i dei fleste tilfelle også vere driftsformer som gav full sysselsetjing for brukaren og ektemaken.

Resultata viste ikkje så stor konsentrasjon av bestemte driftformer ved gruppering av bruka etter bruket som leveveg som ein kunne vente. Ein del av tilpassinga gav seg utslag i variasjon i driftsstyrken innan dei ymse driftsformene. Vidare spela det og ei rolle at redusert arbeidsinnsats av brukar/ektemake i ein del tilfelle blei kompensert av arbeidsinnsats av kårfolk, vaksne barn, andre familiemedlemmer og framand arbeidshjelp. Dei mest vanlege driftsformene fann ein såleis både ved bruket som einaste, viktigaste og ikkje viktigaste leveveg for brukar og ektemake ved alle bruksstorleikane. Det var likevel tydeleg samanheng mellom bruket som leveveg og driftsform i den lei ein kunne vente. Dette er vist i tabell 50 og 51.

Tabell 50. Bruka etter driftsform. Bruksstorleik og bruket som leveveg for brukar og ektemake
Holdings by type of farming. Size of holdings and holding as source of livelihood for holder and spouse

Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i> Bruket som leveveg for brukar og ektemake <i>Holding as source of livelihood for holder and spouse</i>	Bruk i alt <i>Holdings,</i> <i>total</i>	Av desse med driftsform <i>Of which with type of farming</i>			Andre drifts- former og u- klassifiserte <i>Other types</i> <i>of farming</i> <i>and not</i> <i>classified</i>
		Storfe (mjølk) <i>Cattle</i> <i>(milk)</i>	Sau <i>Sheep</i>	Korn <i>Grains</i>	
20 - 49,9 dekar <i>decares</i>					
Einaste leveveg <i>Sole source of livelihood</i>	11 138	30,9	5,5	1,4	62,2
Viktigaste leveveg <i>Principal source of livelihood</i> ...	12 541	29,3	8,0	3,2	59,5
Ikkje viktigaste leveveg <i>Secondary source of liveli- hood</i>	31 397	14,2	14,7	6,4	64,7
50 - 99,9 dekar <i>decares</i>					
Einaste leveveg <i>Sole source of livelihood</i>	21 184	38,3	1,9	2,2	57,6
Viktigaste leveveg <i>Principal source of livelihood</i> ...	11 811	35,0	3,5	6,2	55,3
Ikkje viktigaste leveveg <i>Secondary source of liveli- hood</i>	9 186	17,1	6,7	14,7	61,5
100 - 199,9 dekar <i>decares</i>					
Einaste leveveg <i>Sole source of livelihood</i>	12 482	34,2	0,7	6,4	58,7
Viktigaste leveveg <i>Principal source of livelihood</i> ...	3 963	24,7	1,7	22,3	51,3
Ikkje viktigaste leveveg <i>Secondary source of liveli- hood</i>	1 427	9,3	3,2	41,1	46,4

Tabell 51. Bruk med ymse driftsformer etter bruket som leveveg. Prosent. Bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift og med personleg brukar *Holdings with various types of farming by holding as source of livelihood. Percentages. Holdings with 50 - 99.9 decares of agricultural area in use and with personal holder*

Bruket som leveveg <i> Holding as source of livelihood</i>	Alle bruk <i>All hold- dings</i>	Driftsform <i>Type of farming</i>							
		Storfe (mjølk) <i>Cattle (milk)</i>	Korn og storfe (mjølk) <i>Grains and cattle (milk)</i>	Geit <i>Goats</i>	Storfe (slakt) <i>Cattle (meat)</i>	Sau <i>Sheep</i>	Korn <i>Grains</i>	Korn og potet <i>Grains and potatoes</i>	Korn og svin <i>Grains and pigs</i>
I alt <i>Total</i>	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Einaste <i>Sole</i>	50,2	58,7	58,3	62,5	21,8	28,2	18,2	41,9	36,1
Viktigaste <i>Principal</i>	28,0	29,9	28,5	30,9	21,6	28,5	28,8	30,5	27,7
Ikkje viktigaste <i>Secondary</i> .	21,8	11,4	13,2	6,5	56,6	43,3	53,0	27,6	36,1

Driftsformene som er spesifiserte i tabell 50 representerer dei 3 hovudretningane i jordbruket, og dei har samtidig ulikt arbeidsforbruk i høve til jordbruksareal i drift. For dei mest vanlege bruksstorleikane (20 - 200 dekar) hadde 30 - 40 prosent av brukane med bruket som einaste leveveg driftsform Storfe (mjølk). På bruk der bruket var ikkje viktigaste leveveg var det berre 10 - 15 prosent av brukane som hadde denne driftsforma. Driftsformene Sau og Korn utgjorde berre ein liten del av brukane med bruket som einaste leveveg, men var mellom dei mest vanlege for bruk der bruket var ikkje viktigaste leveveg. I tabell 51 er bruk med ymse driftsformer fordelte etter bruket som leveveg for brukar og ektemake. Tabellen gjeld bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift. For over halvparten av brukane med driftsformer med mjølkeproduksjon var bruket einaste leveveg for brukar og ektemake. Driftsformer med mjølkeproduksjon som ikkje er med i tabellen viste liknande mønster. Driftsformene med hovudvekt på korn, sau eller storfe (slakt) var mest vanlege der bruket var ikkje viktigaste leveveg. I tillegg til det som går fram av tabellane kan det vere grunn til å nemne at av dei 21 630 brukane som ikkje blei klassifiserte etter driftsform, var 85 prosent ikkje viktigaste leveveg for brukar og ektemake.

I tabell 52 er det vist kor stor prosentdel av brukane som var einaste leveveg for brukar og ektemake ved ymse driftsformer. Driftsformene er samla i grupper med liknande arbeidsinnsats pr. bruk (sjå tabell 45).

Tabell 52. Prosent av bruka med bruket som einaste leveveg for brukar og ektemake *Percentages of holdings with the holding as sole source of livelihood for holder and spouse*

Nr. Driftsform ¹⁾ No. Type of farming ¹⁾	Alle bruk ALL holdings	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>				
		5-19,9 dekar decares	20-49,9 dekar decares	50-99,9 dekar decares	100- 199,9 dekar decares	200 dekar og meir decares and more
Alle bruk <i>All holdings</i>	33,1	5,0	20,2	50,2	69,8	76,6
00 Storfe (mjølk)	49,8	7,6	29,7	58,7	79,4	84,6
05 Geit	42,2	18,4	40,1	62,6	:	:
10 Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	41,6	4,9	22,6	47,5	71,8	83,8
11 Storfe (mjølk) og høner	48,7	11,8	34,4	65,3	81,2	:
12 Storfe (mjølk) og svin	61,6	6,7	32,3	68,8	85,1	87,4
13 Storfe (mjølk) og sau	37,2	6,0	23,8	51,6	74,0	79,7
14 Storfe (mjølk) og geit	57,9	21,6	43,9	69,4	88,9	:
40 Korn og storfe (mjølk)	75,2	:	34,1	58,3	79,8	87,2
60 Korn, storfe (mjølk) og storfe (slakt) .	66,7	-	:	51,5	66,9	81,8
61 Korn, storfe (mjølk) og høner	63,3	:	:	57,5	74,6	86,6
62 Korn, storfe (mjølk) og svin	70,4	:	27,1	58,2	78,5	86,1
01 Storfe (slakt)	10,5	2,1	8,5	21,8	38,4	:
16 Storfe (slakt) og svin	19,1	3,3	12,8	34,4	54,7	:
17 Storfe (slakt) og sau	12,7	3,7	8,8	21,9	40,0	:
04 Sau	8,2	1,8	9,8	28,2	44,3	:
21 Høner og sau	6,9	2,2	9,7	23,9	:	:
23 Svin og sau	11,1	2,8	11,9	25,5	:	:
06 Korn	21,9	3,3	6,0	18,2	35,2	55,7
30 Korn og potet	37,2	2,0	13,3	41,9	57,2	76,2
42 Korn og høner	38,6	11,7	25,6	44,3	65,4	70,9
43 Korn og svin	40,6	4,2	13,0	36,1	64,7	81,7
64 Korn, høner og svin	36,9	7,2	18,3	41,9	67,3	76,1

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) English text see appendix 1.

3. Økonomisk resultat ved ymse driftsformer

Opplysningane om økonomisk resultat byggjer på opplysningane frå skattelikninga for 1969. Ontale av det statistiske materialet og definisjon av dei ymse omgrepa er med i innleiinga side 12. Der er og omtala ymse tilhøve som gjer at skattedataene må brukast med varsemnd under vurderinga av økonomisk resultat ved ymse driftsformer. I dette avsnittet er teke med tal berre for grupper på minst 50 bruk.

Pensjonsgivande inntekt utanfor tenesteforhold i gjennomsnitt pr. brukar er vist i tabell 53. Desse inntektene gir stort sett uttrykk for inntektene frå bruket. Dei ymse driftsformene er grupperte på tilsvarande måte i tabell 53 som under vurderinga av arbeidsinnsatsen, men inntektene frå bruket varierte ikkje heilt i takt med arbeidsinnsatsen på bruket. Om ein samanliknar dei 3 hovuddriftsformene Storfe (mjølk), Sau og Korn, gav Sau den minste inntekta frå bruket. For Storfe (mjølk) og for Korn var inntekta frå bruket av same storleik. For bruk med 20 - 199,9 dekar jordbruksareal i drift var likevel inntekta større ved Storfe (mjølk) enn ved Korn. For dei aller minste bruka og for dei største bruka var derimot inntekta frå bruket større ved korndyrking.

Om det ved sida av mjølkeproduksjon på storfe var med svin og/eller høner i driftsforma, gav dette seg relativt små utslag i arbeidsinnsatsen. Driftsformene med desse produksjonane viste derimot større inntekt frå bruket enn meir ein-sidig mjølkeproduksjon på storfe. Dette galdt særleg driftsform Storfe (mjølk) og svin og t.d. på bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var inntekta frå bruket ved denne driftsforma kr. 17 662 pr. brukar mot kr. 12 520 ved driftsform Storfe (mjølk).

I kombinasjon med korn gav potet, svin og høner seg utslag i auka inntekt frå bruket. I kombinasjon med korn gav desse produksjonane seg også utslag i arbeidsinnsatsen på bruket.

Tabell 53. Pensjonsgivande inntekt utanfor tenesteforhold pr. bruka. Kroner *Pensionable income (other than wages and salaries) per holder. Kroner*

Nr. Driftsform ¹⁾ No. Type of farming ¹⁾	Alle bruk All holdings	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>				
		5-19,9 dekar decares	20-49,9 dekar decares	50-99,9 dekar decares	100- 199,9 dekar decares	200 dekar og meir decares and more
Alle bruk <i>All holdings</i>	10 178	3 648	6 151	12 174	21 648	32 946
00 Storfe (mjølk)	12 032	3 832	7 124	12 520	20 798	30 121
05 Geit	10 348	6 608	10 159	13 192	:	:
10 Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	11 670	4 086	7 225	11 921	19 791	28 764
11 Storfe (mjølk) og høner	11 768	4 991	7 659	14 461	22 625	:
12 Storfe (mjølk) og svin	18 086	4 003	9 621	17 662	26 820	33 586
13 Storfe (mjølk) og sau	8 386	3 435	5 806	10 350	17 627	25 560
14 Storfe (mjølk) og geit	11 398	5 360	9 074	13 154	17 540	:
40 Korn og storfe (mjølk)	24 966	:	8 598	14 286	23 357	36 173
60 Korn, storfe (mjølk) og storfe (slakt)	22 493	-	:	12 945	22 214	31 533
61 Korn, storfe (mjølk) og høner	19 113	:	:	13 660	23 009	33 198
62 Korn, storfe (mjølk) og svin	23 716	:	7 607	15 583	25 518	34 840
01 Storfe (slakt)	6 274	3 460	5 958	9 599	14 320	:
16 Storfe (slakt) og svin	8 868	5 490	7 205	12 473	16 298	:
17 Storfe (slakt) og sau	5 571	3 719	4 470	7 210	16 186	:
04 Sau	3 578	2 282	3 721	7 586	13 524	:
21 Høner og sau	3 417	2 528	3 762	7 073	:	:
23 Svin og sau	5 554	3 111	5 544	11 335	:	:
06 Korn	13 507	4 759	6 054	10 552	18 915	32 682
30 Korn og potet	18 579	3 541	8 668	14 862	28 740	37 668
42 Korn og høner	15 235	6 053	8 150	15 151	24 883	36 688
43 Korn og svin	18 537	4 240	8 417	14 483	27 819	36 523
64 Korn, høner og svin	13 142	4 587	6 646	12 002	23 186	34 042

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) *English text see appendix 1.*

Når ein skal vurdere lønsemda ved ymse driftsformer kan det vere interessant å sjå inntekta frå bruket i høve til arbeidsinnsatsen. I tabell 54 er vist pensjonsgivande inntekt utanfor tenesteforhold for brukarane pr. dagsverk på bruket utført av brukar og ektemake.

Ein fann det mest korrekt å dele inntekta berre på arbeidsinnsatsen til brukar og ektemake fordi utgiftene til leigd hjelp er trekte frå før ein kjem fram til pensjonsgivande inntekt. Det kan likevel vere grunn til å nemne at arbeidshjelpa ikkje alltid blir likna særskilt, og at ein del familie-medlemmer nok har blitt tekne med saman med brukaren. Utgiftene for arbeidet som desse har utført vil då ikkje vere trekte frå inntekta som kjem til uttrykk gjennom skattelikninga. På den andre sida vil ektemaken i enkelte tilfelle vere likna særskilt. For driftsformer med ulikt rentekrav må ein vidare minne om at ved utrekninga av pensjonsgivande inntekt utanom tenesteforhold blei rentekravet sett til 10 prosent av næringsinntekta.

Driftsform Korn viste størst inntekt pr. dagsverk. Samanlikna med dei andre driftsformene var skilnaden størst for dei minste bruka. Til dømes for bruk med 20 - 49,9 dekar jordbruksareal i drift var inntekta pr. dagsverk ved driftsform Korn meir enn 3 gonger så stor som ved driftsform Storfe (mjølk). Driftsformer der korn var kombinert med andre produksjonar, viste alle relativt stor inntekt pr. dagsverk. For dei største bruka var driftsform Korn og potet på same nivå som driftsform Korn. Svin og/eller høner i kombinasjon med korn viste ei inntekt pr. dagsverk som låg over mjølkeproduksjon, men under einsidig korndyrking. Driftsformene med både korn og storfe (mjølk) viste betre resultat pr. dagsverk enn storfe (mjølk) åleine. Storfe (mjølk) og svin viste derimot om lagsame inntekt pr. dagsverk som Storfe (mjølk) og korn for dei fleste bruksstorleikar. Inntekta pr. dagsverk ved driftsformer med sau eller geit var om lagsom for driftsform Storfe (mjølk). Dei fleste driftsformene med storfe (slakt) viste større inntekt pr. dagsverk enn driftsform Storfe (mjølk).

Dei enkelte driftsformene var til dels ulikt representerte i dei enkelte fylka og den relative lønsemda ved ymse driftsformer varierte litt frå fylke til fylke. Det er derfor teke med ein fylkestabell som viser inntekt pr. dagsverk for dei mest vanlege driftsformene for bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift. Også i denne tabellen er det berre gitt tal for grupper på minst 50 bruk.

Tabell 54. Pensjonsgivande inntekt utanfor tenesteforhold for brukarane pr. dagsverk på bruket av brukar og ektemake. Kroner *Pensionable income (other than wages and salaries) of the holders per man-day on the holding worked by holder and spouse. Kroner*

Nr. Driftsform ¹⁾ No. Type of farming ¹⁾	Alle bruk All holdings	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift Size of holdings by agricultural area in use				
		5-19,9 dekar decares	20-49,9 dekar decares	50-99,9 dekar decares	100- 199,9 dekar decares	200 dekar og meir decares and more
Alle bruk <i>All holdings</i>	42	36	29	37	59	98
00 Storfe (mjølk)	35	22	25	33	49	78
05 Geit	28	23	28	32	:	:
10 Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	37	24	28	35	50	71
11 Storfe (mjølk) og høner	36	26	26	38	56	:
12 Storfe (mjølk) og svin	49	23	32	44	63	87
13 Storfe (mjølk) og sau	27	19	22	29	45	68
14 Storfe (mjølk) og geit	28	20	25	30	37	:
40 Korn og storfe (mjølk)	66	:	32	41	58	94
60 Korn, storfe (mjølk) og storfe (slakt).	64	-	:	40	62	83
61 Korn, storfe (mjølk) og høner	53	:	:	39	58	84
62 Korn, storfe (mjølk) og svin	62	:	28	41	63	88
01 Storfe (slakt)	42	37	40	45	57	:
16 Storfe (slakt) og svin	47	52	42	48	48	:
17 Storfe (slakt) og sau	31	29	27	33	57	:
04 Sau	26	23	24	34	52	:
21 Høner og sau	24	23	22	30	:	:
23 Svin og sau	38	33	35	46	:	:
06 Korn	104	113	83	85	100	139
30 Korn og potet	102	66	79	64	105	145
42 Korn og høner	66	50	41	57	75	119
43 Korn og svin	81	62	56	58	84	116
64 Korn, høner og svin	58	46	37	47	74	105

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) English text see appendix 1.

Tabell 55. Pensjonsgivande inntekt utanfor tenesteforhold for brukarane pr. dagsverk på bruket av brukar og ektemake. Kroner. Fylke. Bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift *Pensionable income (other than wages and salaries) of the holders per man-day on the holding worked by holder and spouse. Kroner. Counties. Holdings with 50 - 99.9 decares of agricultural area in use*

Nr. Fylke No. County	Alle bruk All holdings	Bruk med driftsform Holdings with type of farming			
		Storfe (mjølk) og svin Cattle (milk)	Sau Sheep	Korn Grains	
Heile landet <i>The whole country</i>	37	33	44	34	85
01 Østfold	48	36	49	:	86
02 Akershus	44	35	37	:	90
04 Hedmark	38	33	37	31	77
05 Oppland	35	32	36	38	71
06 Buskerud	45	37	37	34	93
07 Vestfold	64	42	:	:	104
08 Telemark	45	37	40	48	88
09 Aust-Agder	52	49	:	50	:
10 Vest-Agder	40	38	:	:	:
11 Rogaland	52	48	65	43	:
12 Hordaland	32	30	42	33	:
14 Sogn og Fjordane	30	31	39	29	-
15 Møre og Romsdal	34	35	40	34	:
16 Sør-Trøndelag	34	33	39	34	66
17 Nord-Trøndelag	38	36	41	36	64
18 Nordland	25	26	:	27	:
19 Troms	25	24	:	31	-
20 Finnmark	31	32	-	:	-

Pensjonsgivande inntekt i tenesteforhold er vist i tabell 56. Denne vil stort sett stå for arbeidsinntekt utanfor bruket. For bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift var pensjonsgivande inntekt i tenesteforhold stor pr. brukar for alle driftsformer. Vidare hadde denne inntekta stabilisert seg på kr. 1 000 - 3 000 pr. brukar for dei fleste driftsformene ved bruksstorleikar på 200 dekar og meir. For dei mellomliggende bruksstorleikane var det størst relativ skilnad mellom driftsformene.

Driftsformer med hovudvekt på korn, storfe (slakt) og sau viste større pensjonsgivande inntekt i tenesteforhold pr. bruk enn driftsformer med hovudvekt på storfe (mjølk). Dette var også i samsvar med det ein kunne vente ut frå arbeidsinnsatsen på bruket ved desse driftsformene.

Tabell 56. Pensjonsgivande inntekt i tenesteforhold pr. brukar. Kroner *Pensionable wages and salaries per holder. Kroner*

Nr. Driftsform ¹⁾ No. Type of farming ¹⁾	Alle bruk All holdings	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>				
		5-19,9 dekar decares	20-49,9 dekar decares	50-99,9 dekar decares	100- 199,9 dekar decares	200 dekar og meir decares and more
Alle bruk <i>All holdings</i>	6 949	11 101	8 153	4 664	2 848	2 223
00 Storfe (mjølk)	4 164	8 183	6 040	3 185	1 648	1 819
12 Storfe (mjølk) og svin	3 518	10 877	6 511	2 474	1 171	1 308
13 Storfe (mjølk) og sau	5 578	9 119	6 992	3 876	2 315	1 590
40 Korn og storfe (mjølk)	2 058	:	7 222	3 143	1 637	961
01 Storfe (slakt)	12 316	13 584	12 602	11 103	5 400	:
04 Sau	10 925	12 111	10 401	8 121	6 457	:
06 Korn	9 725	12 849	11 854	11 015	7 469	3 982
43 Korn og svin	8 300	16 026	12 620	8 523	3 344	1 925

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) *English text see appendix 1.*

Pensjonsgivande inntekt i tenesteforhold for brukaren har ein delt på dagsverka utanom bruket av brukar og ektemake. I gjennomsnitt for alle bruka viste desse utrekningane kr. 72 pr. dagsverk. Tilsvarende var pensjonsgivande inntekt utanfor tenesteforhold pr. dagsverk på bruket for brukar og ektemake kr. 42. Berre for nokre driftsformer med korn var inntekta pr. dagsverk på bruket større enn inntekta pr. dagsverk utanom bruket i gjennomsnitt for alle bruka. Inntekta pr. dagsverk utanom bruket varierte berre lite frå driftsform til driftsform og frå bruksstorleik til bruksstorleik. Det var likevel visse nyansar som er vist i tabell 57. Det kan tenkjast at ektemakar med inntekt utanfor bruket i større utstrekning enn andre ektemakar blei likna særskilt. Dette vil i tilfelle ha innverknad på inntektstala pr. dagsverk som er utrekna for arbeidsinnsatsen til brukar og ektemake.

Tabell 57. Pensjonsgivande inntekt i tenesteforhold for brukarane pr. dagsverk utanom bruket av brukar og ektemake. Kroner *Pensionable wages and salaries of the holders per man-day off the holding worked by holder and spouse. Kroner*

Nr. Driftsform ¹⁾ No. Type of farming ¹⁾	Alle bruk All holdings	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift Size of holdings by agricultural area in use				
		5-19,9 dekar decares	20-49,9 dekar decares	50-99,9 dekar decares	100- 199,9 dekar decares	200 dekar og meir decares and more
Alle bruk <i>All holdings</i>	72	73	73	74	75	72
00 Storfe (mjølk)	73	63	71	76	87	101
12 Storfe (mjølk) og svin	73	75	72	71	84	87
13 Storfe (mjølk) og sau	73	65	74	76	89	84
40 Korn og storfe (mjølk)	76	:	78	71	82	74
01 Storfe (slakt).....	77	75	79	79	64	:
04 Sau	74	73	74	74	80	:
06 Korn	70	73	71	73	69	59
43 Korn og svin	75	75	71	80	68	92

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) *English text see appendix 1.*

For den enkelte brukar er det ofte det samla økonomiske resultat som er av interesse, og det har lite å seie om inntekta er henta på bruket eller utanfor bruket. Som uttrykk for samla inntekt har ein nytta det som i skattestatistikken er kalla "inntekt" (sjå under omtalen av det statistiske materialet). Inntekta ved dei viktigaste driftsformene er vist i tabell 58 og 59. Om ein samanliknar dei tre hovuddriftsretningane storfe (mjølk), sau og korn, merkte driftsformene med korn seg ut med størst samla inntekt pr. brukar. Dette utslaget var heilt klårt både på landsbasis og innan dei enkelte fylka. Til dømes for bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift viste dei fleste av driftsformene med korn kr. 23 000 - 24 000 i inntekt pr. brukar. Til samanlikning kan nemnast at inntekta pr. brukar på tilsvarande bruk med driftsform Storfe (mjølk) var kr. 16 500 i gjennomsnitt for austlandsfylka. Driftsform Sau viste i dei fleste tilfelle litt større inntekt enn driftsform Storfe (mjølk), men skilnaden var stort sett liten. Svin i kombinasjon med storfe (mjølk) eller sau viste større inntekt enn meir einsidig drift med storfe (mjølk) eller sau. Det same var delvis tilfelle for høner.

Tabell 58. Inntekt pr. brukar etter skattelikninga. Kroner *Income per holder by tax assessment. Kroner*

Nr. Driftsform ¹⁾ No. Type of farming ¹⁾	Alle bruk All holdings	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>				
		5-19,9 dekar decares	20-49,9 dekar decares	50-99,9 dekar decares	100- 199,9 dekar decares	200 dekar og meir decares and more
Alle bruk <i>All holdings</i>	18 559	17 146	16 064	17 687	24 519	36 761
00 Storfe (mjølk)	17 093	14 716	14 858	16 281	21 868	32 488
05 Geit	15 020	14 445	14 617	16 375	:	:
10 Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	17 970	15 872	16 175	17 299	21 345	33 662
11 Storfe (mjølk) og høner	17 622	15 996	15 106	17 937	25 097	:
12 Storfe (mjølk) og svin	21 234	15 935	16 726	19 644	26 478	35 155
13 Storfe (mjølk) og sau	15 300	14 134	14 486	15 319	20 184	27 929
14 Storfe (mjølk) og geit	14 934	11 950	14 091	15 528	18 081	:
40 Korn og storfe (mjølk)	27 873	:	17 331	19 185	25 530	37 691
60 Korn, storfe (mjølk) og storfe (slakt)	26 284	-	:	18 797	25 622	33 439
61 Korn, storfe (mjølk) og høner	23 224	:	:	19 659	25 274	31 685
62 Korn, storfe (mjølk) og svin	25 977	:	17 552	19 722	26 095	35 157
01 Storfe (slakt)	19 906	18 962	19 919	20 924	21 304	:
16 Storfe (slakt) og svin	19 994	19 588	19 763	20 749	19 575	:
17 Storfe (slakt) og sau	17 819	17 658	17 638	17 776	20 293	:
04 Sau	16 125	16 092	15 710	17 007	21 683	:
21 Høner og sau	16 178	16 017	15 204	17 512	:	:
23 Svin og sau	18 225	17 982	17 795	19 066	:	:
06 Korn	25 499	20 099	19 706	23 739	28 109	40 685
30 Korn og potet	28 770	20 001	21 317	24 624	31 565	47 204
42 Korn og høner	24 919	18 155	22 115	23 675	31 839	38 061
43 Korn og svin	26 519	19 693	20 243	23 127	30 300	38 978
64 Korn, høner og svin	22 324	17 493	19 029	20 550	28 054	36 300

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) *English text see appendix 1.*

 Tabell 59. Inntekt pr. brukar etter skattelikninga. 1 000 kroner. Fylke. Bruk med 50 - 99,9 dekar: jordbruksareal i drift *Income per holder by tax assessment. 1 000 kroner. Counties. Holdings with 50 - 99.9 decares of agricultural area in use*

Nr. Fylke No. County	Alle bruk All holdings	Bruk med driftsform <i>Holdings with type of farming</i>			
		Storfe (mjølk) Cattle (milk)	Storfe (mjølk) og svin Cattle (milk) and pigs	Sau Sheep	Korn Grains
Heile landet <i>The whole country</i>	17,7	16,3	19,6	17,0	23,7
01 Østfold	21,6	17,7	21,7	:	25,2
02 Akershus	22,0	18,1	19,2	:	26,4
04 Hedmark	17,3	15,9	17,6	19,9	19,3
05 Oppland	16,4	15,6	16,5	15,8	21,1
06 Buskerud	19,6	17,4	20,3	16,6	25,5
07 Vestfold	25,6	20,1	:	:	27,4
08 Telemark	19,6	18,0	18,9	18,4	23,4

Tabell 59 (framh.). Inntekt pr. brukar etter skattelikninga. 1 000 kroner. Fylke. Bruk med 50-99,9 dekar jordbruksareal i drift *Income per holder by tax assessment. 1 000 kroner. Counties. Holdings with 50 - 99.9 decares of agricultural area in use*

Nr. Fylke	Alle bruk	Bruk med driftsform			
		Storfe (mjølk)	Storfe (mjølk) og svin	Sau	Korn
09 Aust-Agder	20,8	19,7	:	18,5	:
10 Vest-Agder	18,6	17,9	:	:	:
11 Rogaland	22,9	22,5	27,5	21,3	:
12 Hordaland	17,2	16,5	21,0	19,4	:
14 Sogn og Fjordane	15,4	14,6	17,1	17,2	-
15 Møre og Romsdal	17,0	17,0	17,0	18,9	:
16 Sør-Trøndelag	16,2	15,9	17,2	16,2	23,2
17 Nord-Trøndelag	16,8	16,2	17,4	14,5	19,9
18 Nordland	14,0	14,1	:	13,9	:
19 Troms	14,0	13,3	:	15,1	-
20 Finnmark	15,5	16,9	-	:	-

SAMANDRAG

Dei mest vanlege driftsformene var Storfe (mjølk), Storfe (mjølk) og sau og Sau. Vidare var Korn ei heller vanleg driftsform. Driftsformer der mjølkeproduksjon på storfe var kombinert med storfe (slakt), svin, høner eller korn hadde og stort omfang. I denne publikasjonen er følgjande driftsformer omtala meir utførleg:

- 00 Storfe (mjølk)
- 01 Storfe (slakt)
- 04 Sau
- 05 Geit
- 06 Korn
- 07 Potet
- 08 Grønsaker
- 09 Frukt og bær
- 11 Storfe (mjølk) og høner
- 12 Storfe (mjølk) og svin
- 13 Storfe (mjølk) og sau
- 43 Korn og svin

For dei fleste av desse driftsformene har ein omtala arealet og bruken av det, talet på husdyr av ymse slag, maskinar, ymse driftsanlegg, arbeidsinnsats, bruket som leveveg, utgifter til driftsmiddel m.v. og inntekt etter skattelikninga.

Arbeidsinnsats, bruket som leveveg og økonomisk resultat reknar ein med er av størst interesse å samanlikne mellom driftsformene. I eit eige hovudavsnitt har ein derfor omtala desse spørsmåla samla for fleire driftsformer. For dei fleste spørsmåla som er omtala i denne publikasjonen er det dessutan med vedleggstabellar som er oppstilte med tanke på samanlikning av driftsformene.

Driftsform Korn viste det lågaste arbeidsforbruket i høve til jordbruksarealet. I gjennomsnitt for alle bruka med denne driftsforma var arbeidsinnsatsen i jord- og hagebruk 1,5 dagsverk pr. dekar

jordbruksareal i drift, mot 4,9 dagsverk i gjennomsnitt for alle bruk utan omsyn til driftsform. For alle driftsformene minka arbeidsinnsatsen pr. dekar med aukande bruksstorleik. For bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var den gjennomsnittlege arbeidsinnsatsen i jord- og hagebruk 452 dagsverk pr. bruk ved driftsform Storfe (mjølk), 247 dagsverk ved driftsform Sau og 142 dagsverk ved driftsform Korn.

Det var tydeleg samanheng mellom bruket som leveveg for brukar og ektemake og driftsform. Arbeidskrevjande driftsformer var mest vanlege når bruket var einaste eller viktigaste leveveg, medan mindre arbeidskrevjande driftsformer var mest vanlege når bruket var ikkje viktigaste leveveg. Som eksempel kan ein peike på tal for bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift. Av bruka med driftsform Storfe (mjølk) var 59 prosent einaste leveveg for brukar og ektemake. Tilsvarande prosent for driftsform Sau var 28 og for driftsform Korn 18.

Av dei 3 hovuddriftsformene Storfe (mjølk), Sau og Korn viste sauehald lågast inntekt frå bruket. Mellom korn og mjølkeproduksjon på storfe var skilnaden relativt liten, men for dei mellomstore bruka låg mjølkeproduksjon på storfe over korndyrking. For bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var såleis pensjonsgivande inntekt utanfor tenesteforhold etter skattelikninga (hovudsakleg inntekt frå bruket) kr. 12 500 ved driftsform Storfe (mjølk), kr. 10 600 ved driftsform Korn og kr. 7 600 ved driftsform Sau.

Driftsform Korn viste høgare inntekt utanfor bruket enn driftsformene Sau og Storfe (mjølk). Dette førte til at Korn kom ut med størst samla inntekt av desse 3 viktige driftsformene. For bruk med 50 - 99,9 dekar jordbruksareal i drift var inntekt etter skattelikninga kr. 23 700 ved korndyrking, kr. 17 000 ved sauehald og kr. 16 300 ved mjølkeproduksjon på storfe.

I publikasjonen har ein vist omfanget av dei viktigaste driftsformene etter fylke og bruksstorleik. Om ein ser alle bruksstorleikar under eitt var Korn den mest vanlege driftsforma i Østfold, Akershus, Hedmark og Vestfold. Korn var relativt mest vanleg ved dei største bruka. Driftsforma Storfe (mjølk) var mest vanleg ved mellomstore bruk. Om ein ser alle bruksstorleikar under eitt var denne driftsforma den mest vanlege i Oppland, Buskerud, Telemark, agderfylka, Rogaland, Møre og Romsdal, trøndelagsfylka og Nordland. Bortsett frå dei fleste austlandsfylka var driftsforma Sau den mest vanlege ved bruk med 5 - 19,9 dekar jordbruksareal i drift. I Troms og Finnmark hadde over halvparten av dei minste bruka driftsforma Sau, slik at dette blei den mest vanlege driftsforma i desse fylka. Ved bruk med over 20 dekar blei sauehaldet i større utstrekning kombinert med mjølkeproduksjon på storfe. Driftsforma Storfe (mjølk) og sau var den mest vanlege i Hordaland og i Sogn og Fjordane. Korn og storfe (mjølk) hadde stort omfang ved dei største bruka, og i Telemark og Nord-Trøndelag var dette den mest vanlege driftsforma for bruk med 200 dekar jordbruksareal og meir i drift.

ENGLISH SUMMARY

Holdings of at least 5 decares agricultural land in operation which reported to the Census of Agriculture 1969, are classified according to type of farming. This classification corresponds to a system employed by the Norwegian Institute of Agricultural Economics, and is based on the comparative extent of various productions. The output of a certain product therefore must be of a greater extent in a great holding than in a small one to influence the classification. Appendix 1 gives a survey of all specified types of farming.

In addition to the data which appear in the Census of Agriculture 1969 the analysis also covers tax data for 1969. The data from the Census of Agriculture have been combined with the tax data by means of the identification numbers of the holders.

This publication shows typical features of the most common types of farming as well as certain comparisons between the various types.

Keeping of milk cows, keeping of milk cows combined with keeping of sheep and keeping of sheep were the most common types of farming. Moreover, cultivation of grains was a rather usual type of farming. Types of farming within which milk production from cattle was combined with cattle for slaughtering, pigs, poultry or cultivation of grains also occurred fairly frequent. In this publication the following types of farming have been treated more thoroughly:

- 00 Cattle (milk)
- 01 Cattle (meat)
- 04 Sheep
- 05 Goats
- 06 Grains
- 07 Potatoes
- 08 Vegetables
- 09 Fruit and berries
- 11 Cattle (milk) and hens
- 12 Cattle (milk) and pigs
- 13 Cattle (milk) and sheep
- 43 Grains and pigs

For each of these types of farming the following aspects have been discussed in this work: the area and its use, number of domestic animals of various kinds, machinery, various kinds of farm buildings and installations, labour effort, the holding as source of livelihood, operating expenses etc. and income according to the tax assessment.

Labour effort, the holding as source of livelihood and economic result are among the most interesting aspects when a comparison should be drawn between the various types of farming. According to this, one of the main chapters deals with such comparisons. For most of the questions treated in this publication reference can be made to tables in the appendix, which have been arranged for the purpose of a comparison between the various types of farming.

The cultivation of grains showed the lowest labour input in proportion to the agricultural area. In average for all holdings with this type of farming the labour input in agriculture and horticulture amounted to 1.5 man-days per decare of agricultural land in operation as against 4.9 man-days in average for all holdings irrespective of the type of farming. For all types of farming the labour effort decreased per decare with increasing size of holding, whereas the labour effort per holding increased. For holdings with 50 - 99.9 decares of agricultural land in operation the average labour effort in agriculture and horticulture per holding amounted to 452 man-days for keeping milk cows, 247 man-days for keeping sheep and 142 man-days for cultivating grains.

There was a marked connection between the holding as source of livelihood for farmer and spouse and the type of farming. The types of farming which make heavy labour demands, were the most usual when the holding was the only or the main source of livelihood, whereas the types of farming making less heavy labour demands, were the most usual when the holding was not the main source of livelihood. As a typical example reference can be made to data for holdings having 50 - 99.9 decares of agricultural land in operation. For the farms keeping with cows 59 p.c. of the holders had this

as their only source of livelihood. The corresponding percentage for keeping of sheep came to 28 p.c. and for cultivation of grains to 18 p.c.

Among the 3 main types of farming the raising of sheep showed the lowest income from the holding. The differences between the cultivation of grains and the production of milk were comparatively small, but as for medium size holdings keeping of milk cows exceeded the growing of grains. For holdings with 50 - 99.9 decares of agricultural land in operation, "other pensionable income" according to the tax assessments (mainly income from the holding) amounted to kroner 12 500 for dairy farmings, kroner 10 600 for grain farming and kroner 7 600 for sheep farming.

The holders growing grains had a higher income outside the holding than the holders keeping milk cows or sheep. This resulted in the fact that the holders cultivating grains had the largest total income among these 3 important types of farming. For holders with 50 - 99.9 decares of agricultural land in operation the tax assessments showed an income of kroner 23 700 per holder cultivating grains, kroner 17 000 per holder raising sheep and kroner 16 300 per holder keeping milk cows.

Tabell I. Bruka etter bruksstorleik og driftsform *Holdings by size and type of farming*

Nr. No.	Driftsform ¹⁾ Type of farming ¹⁾	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift Size of holdings by agricultural area in use							
		I alt med 5 dekar og meir Total with 5 decares and more	5-19,9 dekar decares	20-49,9 dekar decares	50-99,9 dekar decares	100- 199,9 dekar decares	200- 299,9 dekar decares	300- 499,9 dekar decares	500 dekar og meir decares and more
0.	Berre 1 produksjon <i>Only 1 production</i>								
	I alt <i>Total</i>	65 148	13 528	22 565	18 572	8 009	1 482	789	203
00	Storfe (mjølk)	33 884	2 018	11 578	13 836	5 383	747	262	60
01	Storfe (slakt)	2 057	609	999	357	75	11	6	-
02	Svin	647	401	173	58	11	3	1	-
03	Høner	787	455	275	46	9	2	-	-
04	Sau	15 040	7 161	6 219	1 434	203	15	7	1
05	Geit	587	103	337	139	7	-	1	-
06	Korn	10 100	1 353	2 559	2 559	2 279	699	509	142
07	Potet	600	424	119	46	10	-	1	-
08	Grønsaker	177	88	48	23	15	2	1	-
09	Frukt og bær	1 269	916	258	74	17	3	1	-
1-2.	2 husdyrproduksjonar <i>2 livestock productions</i>								
	I alt <i>Total</i>	41 132	5 147	16 641	14 270	4 386	504	145	39
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	3 530	144	1 303	1 399	585	78	14	7
11	Storfe (mjølk) og høner	2 562	280	1 048	908	286	26	11	3
12	Storfe (mjølk) og svin	7 109	420	1 643	2 886	1 785	259	94	22
13	Storfe (mjølk) og sau	18 873	1 519	8 583	7 203	1 429	114	20	5
14	Storfe (mjølk) og geit	1 301	51	549	627	72	2	-	-
15	Storfe (slakt) og høner	525	168	260	79	15	3	-	-
16	Storfe (slakt) og svin	720	181	313	163	53	7	2	1
17	Storfe (slakt) og sau	2 279	379	1 211	581	101	7	-	-
18	Storfe (slakt) og geit	33	3	13	17	-	-	-	-
20	Høner og svin	400	231	142	24	2	1	-	-
21	Høner og sau	1 969	1 080	721	143	22	1	1	1
22	Høner og geit	16	3	9	4	-	-	-	-
23	Svin og sau	1 387	579	614	154	31	6	3	-
24	Svin og geit	12	4	7	1	-	-	-	-
25	Sau og geit	416	105	225	81	5	-	-	-
3.	2 planteproduksjonar <i>2 plant productions</i>								
	I alt <i>Total</i>	2 010	919	363	284	281	89	53	21
30	Korn og potet	649	150	121	105	147	61	46	19
31	Korn og grønnsaker	142	4	15	42	59	17	4	1
32	Korn og frukt og bær	159	52	34	46	20	5	1	1
33	Potet og grønnsaker	343	139	91	66	43	4	-	-
34	Potet og frukt og bær	563	493	58	9	2	1	-	-
35	Grønnsaker og frukt og bær	154	81	44	16	10	1	2	-

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) English text see appendix 1.

Tabell I (framh.). Bruka etter bruksstorleik og driftsform *Holdings by size and type of farming*

Nr.	Driftsform ¹⁾	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift							
		I alt med 5 dekar og meir	5-19,9 dekar	20-49,9 dekar	50-99,9 dekar	100-199,9 dekar	200-299,9 dekar	300-499,9 dekar	500 dekar og meir
4-5.	1 planteproduksjon og 1 husdyrproduksjon <i>1 plant production and 1 livestock production</i>								
	I alt <i>Total</i>	7 079	1 391	1 217	1 436	1 674	778	440	143
40	Korn og storfe (mjølk)	2 493	16	138	492	990	489	267	101
41	Korn og storfe (slakt)	309	7	43	69	93	53	34	10
42	Korn og høner	777	171	195	203	127	41	34	6
43	Korn og svin	1 416	260	270	310	313	160	88	15
44	Korn og sau	203	23	60	46	44	20	6	4
45	Korn og geit	-	-	-	-	-	-	-	-
46	Potet og storfe (mjølk)	270	41	76	86	51	8	5	3
47	Potet og storfe (slakt)	41	24	7	6	3	-	1	-
48	Potet og høner	102	78	18	5	-	-	-	1
49	Potet og svin	216	158	34	18	6	-	-	-
50	Potet og sau	127	97	20	8	1	-	-	1
51	Potet og geit	3	3	-	-	-	-	-	-
52	Grønsaker og storfe (mjølk)	61	-	8	30	19	4	-	-
53	Grønsaker og storfe (slakt)	14	2	6	4	1	1	-	-
54	Grønsaker og høner	20	15	2	1	1	-	1	-
55	Grønsaker og svin	17	11	4	2	-	-	-	-
56	Grønsaker og sau/geit	10	4	5	1	-	-	-	-
57	Frukt og bær og storfe (mjølk)/storfe (slakt)	322	78	131	87	19	1	4	2
58	Frukt og bær og høner/svin	148	111	32	4	1	-	-	-
59	Frukt og bær og sau/geit	530	292	168	64	5	1	-	-
6-7.	2 husdyrproduksjonar og 1 planteproduksjon <i>2 livestock productions and 1 plant production</i>								
	I alt <i>Total</i>	6 204	725	1 259	1 654	1 596	631	282	57
60	Korn, storfe (mjølk) og storfe (slakt) ...	501	-	23	99	236	86	49	8
61	Korn, storfe (mjølk) og høner	390	7	49	134	131	48	17	4
62	Korn, storfe (mjølk) og svin	1 687	10	140	438	660	296	110	33
63	Korn, storfe (mjølk) og sau	135	1	29	45	41	14	5	-

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

Tabell I (framh.). Bruka etter bruksstorleik og driftsform *Holdings by size and type of farming*

Nr.	Driftsform ¹⁾	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift							
		I alt med 5 dekar og meir	5-19,9 dekar	20-49,9 dekar	50-99,9 dekar	100-199,9 dekar	200-299,9 dekar	300-499,9 dekar	500 dekar og meir
6-7. 2 husdyrproduksjonar og 1 planteproduksjon (framh.) <i>2 livestock productions and 1 plant production (cont.)</i>									
64	Korn, høner og svin	816	139	235	215	155	44	24	4
65	Korn, høner og sau	79	15	19	22	13	7	3	-
66	Korn, svin og sau	199	33	75	50	21	15	5	-
70	Potet, storfe (mjølk) og storfe (slakt)	33	2	10	13	7	1	-	-
71	Potet, storfe (mjølk) og høner	70	16	21	24	8	1	-	-
72	Potet, storfe (mjølk) og svin	262	48	55	94	58	7	-	-
73	Potet, storfe (mjølk) og sau	48	14	15	15	4	-	-	-
79	Andre	1 984	440	588	505	262	112	69	8
8. 2 planteproduksjonar og 1 husdyrproduksjon <i>2 plant productions and 1 livestock production</i>									
	I alt <i>Total</i>	1 260	522	289	221	147	46	31	4
80	Korn, potet og storfe (mjølk)	36	2	3	8	17	1	4	1
81	Korn, potet og storfe (slakt)	19	2	4	4	3	3	3	-
82	Korn, potet og høner	86	32	19	21	10	3	1	-
83	Korn, potet og svin	315	82	68	60	65	25	13	2
89	Andre	804	404	195	128	52	14	10	1
9. Andre driftsformer <i>Other types of farming</i>									
	I alt <i>Total</i>	32 144	11 082	12 833	5 803	1 845	392	160	29
90	3 eller fleire husdyrproduksjonar	7 140	803	2 904	2 545	751	99	31	7
91	3 eller fleire planteproduksjonar	613	254	107	105	96	34	17	-
92	3 husdyrproduksjonar og 1 planteproduksjon	1 504	132	306	425	400	164	64	13
93	3 planteproduksjonar og 1 husdyrproduksjon	354	172	66	58	40	13	4	1
94	2 planteproduksjonar og 2 husdyrproduksjonar	903	350	224	189	110	18	12	-
99	Ikkje klassifiserte	21 630	9 371	9 226	2 481	448	64	32	8

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

Tabell II. Bruka etter driftsform. Prosent. Bruksstorleik og fylke

Nr.	Bruksstorleik etter jordbruks- areal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use Fylke County</i>											10	11
		00	01	02	03	04	05	06	07	09	10	11	
		Storfe (mjølk) <i>Cattle (milk)</i>	Storfe (slakt) <i>Cattle (meat)</i>	Svin <i>Pigs</i>	Høner <i>Hens</i>	Sau <i>Sheep</i>	Geit <i>Goats</i>	Korn <i>Grains</i>	Potet <i>Pota- toes</i>	Frukt og bær <i>Fruit and berries</i>	Storfe og storfe (slakt) <i>Cattle (milk) and Cattle (meat)</i>	Storfe og høner <i>Cattle (milk) and hens</i>	
Alle bruk med 5 dekar og meir <i>All holdings with 5 decares and more</i>													
Heile landet <i>The whole country</i>													
		21,9	1,3	0,4	0,5	9,7	0,4	6,5	0,4	0,8	2,3	1,7	
01	Østfold	9,8	0,4	0,2	0,9	0,3	-	22,5	0,8	0,5	1,5	2,3	
02	Akershus	13,2	0,6	0,5	0,8	1,2	-	20,9	0,8	0,8	1,1	1,9	
04	Hedmark	17,7	0,3	0,8	0,3	4,2	0,1	20,7	0,7	0,4	0,6	0,7	
05	Oppland	27,3	0,5	0,9	0,3	4,6	0,2	6,9	0,6	0,2	1,0	0,9	
06	Buskerud	17,4	0,7	0,9	0,5	7,0	0,1	16,1	0,4	1,8	1,3	1,3	
07	Vestfold	6,5	0,6	0,4	0,5	0,5	-	27,7	0,5	1,2	1,8	1,5	
08	Telemark	15,7	0,9	1,2	1,1	6,8	0,2	8,0	0,6	1,7	1,5	2,6	
09	Aust-Agder	12,1	2,1	1,2	1,4	10,5	-	1,2	1,1	1,2	3,2	2,7	
10	Vest-Agder	27,3	3,0	0,3	1,4	7,6	-	0,8	0,4	1,3	4,9	4,5	
11	Rogaland	18,3	2,9	0,6	0,8	6,0	-	0,5	0,4	1,0	4,0	3,9	
12	Hordaland	17,2	2,6	0,2	0,5	16,4	0,1	0,0	0,1	2,5	2,3	2,1	
14	Sogn og Fjordane .	16,4	0,6	0,1	0,2	9,5	0,4	0,0	0,0	2,0	1,3	0,7	
15	Møre og Romsdal .	30,5	4,3	0,2	0,4	10,8	0,3	0,2	0,1	0,4	3,5	1,8	
16	Sør-Trøndelag ...	36,8	1,0	0,2	0,3	7,9	0,0	3,4	0,1	0,1	5,4	1,1	
17	Nord-Trøndelag ..	28,9	0,9	0,2	0,2	4,2	0,2	6,4	0,7	0,3	3,5	2,2	
18	Nordland	29,4	0,6	0,0	0,4	19,0	1,0	0,1	0,1	0,0	2,6	1,1	
19	Troms	18,2	0,2	0,0	0,3	25,9	3,2	-	0,2	-	0,5	0,6	
20	Finmark	19,9	0,2	-	0,5	30,6	-	-	0,1	-	0,6	0,7	
Kl. 2 5-19,9 dekar <i>decares</i>													
Heile landet <i>The whole country</i>													
		6,1	1,8	1,2	1,4	21,5	0,3	4,1	1,3	2,7	0,4	0,8	
01	Østfold	2,2	0,5	0,9	4,9	0,8	-	10,8	4,2	3,8	-	1,3	
02	Akershus	2,1	0,4	1,6	2,6	3,5	-	10,6	2,8	3,9	0,2	0,8	
04	Hedmark	6,0	0,4	2,3	0,6	5,7	0,1	15,8	2,4	1,5	0,2	0,3	
05	Oppland	7,6	0,7	3,4	1,1	7,1	0,2	8,9	2,7	1,0	0,2	0,7	
06	Buskerud	5,1	1,0	3,1	1,2	6,4	-	8,0	1,4	5,7	0,2	0,7	
07	Vestfold	0,6	-	1,9	3,0	1,7	-	16,1	2,1	5,5	0,6	0,4	
08	Telemark	4,6	0,8	3,6	2,1	7,1	0,2	4,5	1,8	4,6	0,2	0,9	
09	Aust-Agder	6,2	1,0	2,2	2,8	9,2	-	1,1	2,1	2,9	0,5	1,0	
10	Vest-Agder	10,5	3,2	0,5	2,8	10,8	-	0,9	0,9	3,7	1,3	3,0	
11	Rogaland	4,6	3,5	1,8	3,7	16,9	-	1,0	1,8	5,8	1,0	1,4	
12	Hordaland	4,6	2,8	0,4	1,1	32,0	0,1	-	0,2	6,0	0,4	0,9	
14	Sogn og Fjordane .	5,9	1,3	0,3	0,7	22,7	0,1	-	0,1	7,8	0,3	0,4	
15	Møre og Romsdal .	9,3	7,3	0,2	1,1	25,0	0,2	0,2	0,5	1,1	0,6	1,1	
16	Sør-Trøndelag ...	7,7	2,4	0,7	1,0	23,6	0,1	3,2	0,5	0,3	0,8	0,7	
17	Nord-Trøndelag ..	5,8	1,6	0,8	1,0	9,8	0,5	6,1	3,3	1,4	0,5	1,5	
18	Nordland	8,5	0,8	0,0	0,8	40,3	0,6	0,0	0,3	0,2	0,5	0,6	
19	Troms	2,4	0,2	0,0	0,3	53,9	2,0	-	0,5	-	-	0,2	
20	Finmark	3,2	0,5	-	0,7	52,1	-	-	0,1	-	0,1	0,1	

Tabell II (framh.). Bruka etter driftsform. Prosent. Bruksstorleik og fylke

Nr.	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift Fylke	00 Storfe (mjølk)	01 Storfe (slakt)	02 Svin	03 Høner	04 Sau	05 Geit	06 Korn	07 Potet	09 Frukt og bær	10 Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	11 Storfe (mjølk) og høner
Kl. 3 20-49,9 dekar <i>decares</i>												
	Heile landet <i>The whole country</i>	21,0	1,8	0,3	0,5	11,3	0,6	4,6	0,2	0,5	2,4	1,9
01	Østfold	10,6	1,0	0,3	2,0	0,6	-	23,5	1,3	0,3	1,3	3,5
02	Akershus	10,5	1,2	0,9	1,3	1,5	-	21,4	1,1	0,4	1,0	2,4
04	Hedmark	19,8	0,3	0,5	0,3	5,6	0,1	20,1	0,3	0,2	0,7	1,0
05	Oppland	29,4	0,5	0,6	0,3	6,6	0,3	5,3	0,2	0,0	0,9	1,0
06	Buskerud	20,5	1,0	0,4	0,6	11,0	0,2	11,3	0,2	1,1	1,6	1,6
07	Vestfold	5,5	1,8	0,4	0,7	1,1	-	29,6	0,6	2,4	1,4	1,5
08	Telemark	16,4	1,1	0,6	1,2	9,0	0,3	6,0	0,2	0,8	1,1	2,5
09	Aust-Agder	14,5	3,2	0,6	1,0	12,2	-	1,2	0,7	0,3	4,4	3,6
10	Vest-Agder	29,7	3,2	0,3	1,1	7,7	-	0,7	0,2	0,3	4,7	4,9
11	Rogaland	17,1	5,3	0,8	0,7	9,4	-	0,8	0,3	0,6	5,0	4,6
12	Hordaland	16,1	3,6	0,1	0,4	16,2	0,2	-	0,0	1,7	2,6	2,1
14	Sogn og Fjordane.	14,6	0,6	0,0	0,1	9,8	0,5	0,0	0,0	1,0	1,4	1,0
15	Møre og Romsdal .	28,7	5,0	0,2	0,2	10,3	0,4	0,2	0,0	0,2	3,8	1,9
16	Sør-Trøndelag ...	31,6	1,2	0,3	0,2	9,3	0,0	3,6	0,0	0,0	4,5	1,4
17	Nord-Trøndelag ..	25,6	1,4	0,3	0,3	6,3	0,3	7,1	0,5	0,1	3,5	3,8
18	Nordland	23,7	0,6	0,1	0,5	16,6	1,4	0,0	0,1	-	2,6	1,1
19	Troms	14,3	0,2	0,0	0,3	21,7	3,8	-	0,1	-	0,4	0,4
20	Finnmark	17,6	0,1	-	0,5	27,2	-	-	0,1	-	0,8	0,5
Kl. 4 50-99,9 dekar <i>decares</i>												
	Heile landet <i>The whole country</i>	32,8	0,8	0,1	0,1	3,4	0,3	6,1	0,1	0,2	3,3	2,1
01	Østfold	13,0	0,5	0,3	0,2	0,1	-	24,7	0,3	0,1	2,2	3,5
02	Akershus	17,5	0,6	-	0,2	0,6	-	22,9	0,3	0,1	1,1	3,2
04	Hedmark	25,8	0,2	0,3	0,2	3,2	0,1	19,3	0,2	-	0,8	0,8
05	Oppland	37,7	0,4	0,3	0,1	2,8	0,1	5,2	0,2	0,1	1,1	0,9
06	Buskerud	23,7	0,5	0,2	0,2	7,2	-	16,5	0,1	0,3	1,8	1,8
07	Vestfold	8,6	0,5	0,2	0,2	0,3	-	30,4	0,3	0,5	3,6	2,5
08	Telemark	22,2	1,0	0,3	0,3	3,8	-	11,9	0,2	0,8	2,9	4,5
09	Aust-Agder	16,9	1,7	0,3	-	10,4	-	1,4	0,2	0,2	5,3	4,1
10	Vest-Agder	43,7	2,8	0,1	0,6	3,6	-	1,0	0,2	0,2	9,5	5,4
11	Rogaland	21,3	2,0	0,3	0,1	2,0	-	0,3	0,1	0,0	4,7	4,3
12	Hordaland	28,4	1,3	0,1	0,1	4,0	0,1	0,1	-	0,8	3,6	3,1
14	Sogn og Fjordane.	22,4	0,4	0,0	-	3,1	0,4	-	-	0,2	1,5	0,6
15	Møre og Romsdal .	45,5	1,7	0,1	-	2,4	0,3	0,2	0,0	0,1	4,5	2,1
16	Sør-Trøndelag ...	49,9	0,6	0,1	0,0	3,0	0,0	2,4	0,1	-	6,9	1,3
17	Nord-Trøndelag ..	41,7	0,7	0,0	-	2,7	0,1	4,9	0,1	0,0	4,9	2,6
18	Nordland	50,9	0,6	0,0	0,1	4,8	0,8	0,1	0,0	-	4,1	1,5
19	Troms	36,6	0,1	0,1	0,1	5,8	3,8	-	0,1	-	1,0	1,3
20	Finnmark	43,9	-	-	0,2	9,1	-	-	-	-	0,9	1,5

Tabell III. Jordbruksareal i drift. Gjennomsnitt pr. bruk *Agricultural area in use. Average per holding*

Nr. No.	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Talet på bruk <i>Number of holdings</i>	Jordbruksareal i drift i alt <i>Agricultural area in use, total</i>	Korn, erter og oljevekstar til mogning <i>Grains, dry peas and oilseed</i>	Grønfôr- og silovekstar <i>Grains etc. cut green for feed</i>	Potet <i>Potatoes</i>	Rotvekstar <i>Fodder roots</i>	Eng til slått <i>Meadows for mowing</i>	Kulturbete <i>Pastures</i>
Dekar <i>Decares</i>									
Kl. 2 5-19,9 dekar <i>decares</i>									
	Alle bruk <i>All holdings</i>	33 314	12,0	0,9	0,1	0,6	0,0	8,5	1,0
00	Storfe (mjølk)	2 018	14,2	0,2	0,2	0,6	0,0	11,5	1,4
01	Storfe (slakt)	609	12,7	0,1	0,1	0,5	0,0	9,4	2,2
04	Sau	7 161	12,2	0,0	0,0	0,4	0,0	10,6	1,0
06	Korn	1 353	12,7	10,2	0,0	0,4	0,0	1,1	0,2
13	Storfe (mjølk) og sau	1 519	14,5	0,0	0,1	0,6	0,0	12,6	1,0
21	Høner og sau	1 080	12,2	0,1	0,0	0,4	0,0	9,8	1,6
23	Svin og sau	579	12,6	0,3	0,1	0,7	0,0	10,1	1,1
Kl. 3 20-49,9 dekar <i>decares</i>									
	Alle bruk <i>All holdings</i>	55 167	33,4	2,8	0,4	1,1	0,1	22,8	5,2
00	Storfe (mjølk)	11 578	35,7	1,1	0,7	1,2	0,2	26,3	5,9
01	Storfe (slakt)	999	31,4	0,7	0,2	0,8	0,1	20,3	8,4
04	Sau	6 219	30,5	0,2	0,1	0,6	0,0	24,4	4,8
06	Korn	2 559	33,4	26,6	0,1	0,9	0,0	3,5	0,9
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	1 303	35,6	1,0	0,5	1,2	0,1	24,9	7,5
11	Storfe (mjølk) og høner	1 048	34,5	1,7	0,6	1,4	0,3	22,1	7,6
12	Storfe (mjølk) og svin	1 643	35,8	2,8	1,2	1,8	0,4	22,6	6,5
13	Storfe (mjølk) og sau	8 583	35,2	0,2	0,3	0,9	0,1	27,6	5,7
17	Storfe (slakt) og sau	1 211	33,2	0,2	0,2	0,8	0,0	24,0	7,6
Kl. 4 50-99,9 dekar <i>decares</i>									
	Alle bruk <i>All holdings</i>	42 240	69,0	10,1	1,6	2,3	0,5	38,7	14,2
00	Storfe (mjølk)	13 836	69,9	4,0	2,2	2,0	0,5	45,7	14,8
01	Storfe (slakt)	357	65,7	3,8	1,1	1,4	0,2	37,1	20,7
04	Sau	1 434	64,6	1,3	0,7	0,8	0,0	46,3	14,7
06	Korn	2 559	71,1	58,3	0,1	1,3	0,1	6,0	2,6
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	1 399	69,3	4,8	1,7	2,0	0,6	42,5	16,8

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.
1) *English text see appendix 1.*

Tabell III (framh.). Jordbruksareal i drift. Gjennomsnitt pr. bruk *Agricultural area in use.*
Average per holding

Nr.	Bruksstorleik etter jordbruks- areal i drift Driftsform ¹⁾	Talet på bruk	Jordbruks- areal i drift i alt	Korn, erter og oljevekstar til mogning	Grønfor- og silovekstar	Potet	Rot- vekstar	Eng til slått	Kultur- beite
Dekar									
Kl. 4 (framh.).									
11	Storfe (mjølk) og høner	908	69,2	5,8	2,3	2,5	1,0	38,7	17,6
12	Storfe (mjølk) og svin	2 886	71,9	7,9	3,4	3,0	1,2	38,0	17,4
13	Storfe (mjølk) og sau	7 203	67,5	1,0	1,4	1,5	0,2	45,8	17,0
14	Storfe (mjølk) og geit	627	67,6	1,1	2,2	1,2	0,1	53,1	9,6
17	Storfe (slakt) og sau	581	64,9	1,3	0,8	1,2	0,1	40,0	20,6
40	Korn og storfe (mjølk)	492	76,1	38,8	1,1	2,5	0,9	24,8	7,0
Kl. 5 100-199,9 dekar <i>decares</i>									
	Alle bruk	17 938	134,5	45,4	4,0	4,6	1,4	49,6	26,6
00	Storfe (mjølk) ...	5 383	131,4	16,7	6,0	3,1	1,6	70,2	32,0
06	Korn	2 279	138,8	116,7	0,3	2,3	0,1	9,6	6,1
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt) ...	585	132,2	20,2	4,8	3,4	1,5	66,8	33,5
11	Storfe (mjølk) og høner	286	131,8	21,9	4,7	4,1	2,8	59,6	36,4
12	Storfe (mjølk) og svin	1 785	134,6	24,2	6,6	4,6	2,8	58,2	36,7
13	Storfe (mjølk) og sau	1 429	126,5	5,5	4,8	2,2	0,9	68,8	43,1
40	Korn og storfe (mjølk)	990	147,0	76,6	2,8	3,8	2,0	42,6	17,7
43	Korn og svin	313	144,5	121,9	0,9	4,2	1,0	7,3	6,1
62	Korn, storfe (mjølk) og svin ..	660	144,4	79,3	3,3	5,0	2,2	36,6	16,4
Kl. 6-8 200 dekar og meir <i>decares and more</i>									
	Alle bruk	6 318	313,1	173,5	7,6	10,3	2,9	62,2	49,8
00	Storfe (mjølk) ...	1 069	292,8	67,5	16,4	6,6	4,7	111,6	82,1
06	Korn	1 350	331,9	284,9	0,7	7,0	0,2	15,2	16,4
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt) ...	99	295,9	62,5	11,7	3,2	2,9	116,7	94,4
12	Storfe (mjølk) og svin	375	304,2	71,5	15,2	8,3	5,9	104,2	92,4
13	Storfe (mjølk) og sau	139	263,7	23,9	11,1	4,6	2,1	98,7	120,6
30	Korn og potet	126	358,3	250,4	1,0	79,7	0,5	8,7	11,4
40	Korn og storfe (mjølk)	857	338,6	181,0	11,3	6,7	5,4	80,2	50,6
43	Korn og svin	263	308,7	259,9	1,4	8,1	0,9	19,1	14,6
62	Korn, storfe (mjølk) og svin ..	439	302,0	174,4	7,8	7,5	4,5	65,6	39,4

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

Tabell IV. Husdyr. Gjennomsnitt pr. bruk *Domestic animals. Average per holding*

Nr. No.	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i>	Storfe i alt <i>Cattle, total</i>	Ku <i>Cows</i>	Sau i alt <i>Sheep, total</i>	Sau over 1 år <i>Sheep 1 year and more</i>	Geit i alt <i>Goats, total</i>	Svin i alt <i>Pigs, total</i>	Avls-purker over 6 mndr. <i>Sows over 6 months</i>	Høner <i>Hens</i>
	Driftsform ¹⁾ <i>Type of farming¹⁾</i>								
Kl. 2									
5-19,9 dekar <i>decares</i>									
	Alle bruk <i>All holdings</i>	0,6	0,2	5,7	2,6	0,1	0,8	0,1	14,8
00	Storfe (mjølk)	3,2	1,8	0,7	0,3	0,0	0,2	0,0	1,5
01	Storfe (slakt)	2,6	-	0,0	0,0	-	0,0	-	0,3
04	Sau	0,0	-	15,6	7,2	0,0	0,0	-	0,1
06	Korn	0,0	-	0,0	0,0	-	0,2	-	0,4
13	Storfe (mjølk) og sau	2,3	1,3	12,5	5,8	0,0	0,1	-	1,3
21	Høner og sau	0,0	-	13,7	6,3	0,0	0,0	-	24,7
23	Svin og sau	-	-	15,4	7,1	0,0	1,8	0,0	0,3
Kl. 3									
20-49,9 dekar <i>decares</i>									
	Alle bruk <i>All holdings</i>	3,2	1,5	11,1	5,1	0,7	1,6	0,2	15,0
00	Storfe (mjølk)	6,4	3,4	2,0	0,9	0,0	0,4	0,0	2,7
01	Storfe (slakt)	5,2	-	0,3	0,1	0,0	0,1	0,0	0,9
04	Sau	0,0	-	34,4	15,8	0,0	0,0	-	0,3
06	Korn	0,0	-	0,3	0,1	0,0	0,4	0,0	1,7
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	7,5	2,4	1,5	0,7	0,0	0,3	0,0	3,0
11	Storfe (mjølk) og høner	5,6	3,0	1,5	0,7	0,0	0,6	0,0	121,5
12	Storfe (mjølk) og svin	6,0	3,1	1,3	0,6	0,0	11,8	1,6	4,2
13	Storfe (mjølk) og sau	4,4	2,3	21,7	10,1	0,0	0,3	0,0	2,2
17	Storfe (slakt) og sau	3,0	-	24,1	11,5	0,0	0,1	-	1,3
Kl. 4									
50-99,9 dekar <i>decares</i>									
	Alle bruk <i>All holdings</i>	8,8	4,1	16,1	7,3	1,0	4,5	0,6	22,1
00	Storfe (mjølk)	12,1	6,1	4,2	1,9	0,0	0,8	0,1	4,6
01	Storfe (slakt)	11,8	-	0,7	0,3	0,0	0,2	0,0	2,1
04	Sau	0,0	-	81,3	36,6	0,0	0,1	0,0	1,1
06	Korn	0,1	0,0	0,6	0,3	-	0,7	0,0	4,4
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	13,8	4,7	3,3	1,5	0,0	0,7	0,0	4,9
11	Storfe (mjølk) og høner	11,9	6,1	3,6	1,6	0,0	1,5	0,2	197,6
12	Storfe (mjølk) og svin	13,9	6,9	4,1	1,8	0,0	23,8	3,5	9,2
13	Storfe (mjølk) og sau	8,9	4,5	40,4	18,5	0,1	0,6	0,0	3,7
14	Storfe (mjølk) og geit	8,2	4,2	7,9	3,5	29,8	0,6	0,0	2,3
17	Storfe (slakt) og sau	5,8	-	46,3	21,6	0,0	0,2	0,0	2,0
40	Korn og storfe (mjølk)	10,1	4,9	0,8	0,4	0,0	1,4	0,1	7,0
Kl. 5									
100-199,9 dekar <i>decares</i>									
	Alle bruk <i>All holdings</i>	15,1	6,7	15,6	6,9	0,3	10,6	1,4	33,9
00	Storfe (mjølk)	21,2	10,1	4,9	2,2	0,0	1,9	0,2	7,9
06	Korn	0,3	0,0	1,1	0,5	-	1,4	0,1	8,7
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	24,7	8,3	4,2	1,9	0,0	1,3	0,1	8,6
11	Storfe (mjølk) og høner	21,8	10,9	4,1	1,9	0,0	2,9	0,4	288,4
12	Storfe (mjølk) og svin	23,6	11,3	5,6	2,4	0,0	35,5	4,9	14,6
13	Storfe (mjølk) og sau	16,9	8,3	78,4	34,9	0,1	1,4	0,1	7,9
40	Korn og storfe (mjølk)	17,2	7,9	0,9	0,4	-	2,4	0,3	12,8
43	Korn og svin	0,2	0,0	0,6	0,3	-	87,6	9,8	6,3
62	Korn, storfe (mjølk) og svin ..	15,0	6,9	0,6	0,3	0,0	26,0	4,2	13,9
Kl. 6-8									
200 dekar og meir <i>decares and more</i>									
	Alle bruk <i>All holdings</i>	21,5	8,9	12,3	5,4	0,1	20,7	2,4	64,7
00	Storfe (mjølk)	40,1	18,7	4,5	1,9	0,0	4,2	0,6	14,1
06	Korn	0,3	0,0	1,1	0,5	-	1,3	0,1	9,7
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	42,5	14,3	6,8	3,1	-	2,1	0,4	15,9
12	Storfe (mjølk) og svin	41,6	19,1	10,8	4,6	0,4	60,4	7,5	31,6
13	Storfe (mjølk) og sau	29,8	14,2	140,4	62,6	0,3	2,8	0,3	12,1
30	Korn og potet	0,1	0,0	0,5	0,3	-	1,1	0,2	5,0
40	Korn og storfe (mjølk)	34,0	15,2	1,4	0,7	-	4,1	0,6	17,8
43	Korn og svin	0,2	0,0	1,4	0,7	-	138,4	11,2	11,6
62	Korn, storfe (mjølk) og svin ..	27,5	12,0	0,5	0,2	-	42,7	6,2	18,9

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) English text see appendix 1.

Tabell V. Maskinar og reiskapar *Machines and implements*

Nr. No.	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use</i> Driftsforml) <i>Type of farming</i> ¹⁾	Bruk med <i>Holdings with</i>		Bruk som nytta <i>Holdings which used</i>		Mjølke-maskinanlegg pr. 100 bruk <i>Milking machine installation per 100 holdings</i>		
		Traktor <i>Tractor</i>	Fôr- haustar <i>Flail forage harvester</i>	Skur- treskjar <i>Combine harvester</i>	Fôr- haustar <i>Flail forage harvester</i>	Skur- treskjar <i>Combine harvester</i>	I alt <i>Total</i>	Røyr- mjølking- anlegg <i>Pipeline milking system</i>
Prosent <i>Percentages</i>								
Kl. 2								
5-19,9 dekar <i>decares</i>								
	Alle bruk <i>All holdings</i> ..	21,6	0,1	0,2	0,5	9,9	1,2	0,0
00	Storfe (mjølk)	28,9	0,1	-	0,9	3,5	5,3	0,0
01	Storfe (slakt)	35,5	0,3	-	1,6	2,6	2,0	-
04	Sau	15,9	0,0	0,0	0,1	0,6	0,1	-
06	Korn	21,4	0,1	1,0	0,2	82,6	0,6	-
13	Storfe (mjølk) og sau	29,2	0,1	-	0,4	0,3	1,8	-
21	Høner og sau	18,4	0,1	-	0,4	1,2	0,6	-
23	Svin og sau	17,8	-	-	0,3	5,4	-	-
Kl. 3								
20-49,9 dekar <i>decares</i>								
	Alle bruk <i>All holdings</i> ..	48,9	1,7	0,9	3,8	14,9	17,2	0,3
00	Storfe (mjølk)	54,4	3,5	0,4	6,9	8,8	36,2	0,5
01	Storfe (slakt)	55,4	2,2	0,2	5,9	8,1	12,0	0,3
04	Sau	42,1	0,6	0,3	1,5	2,1	1,5	0,0
06	Korn	51,2	0,1	6,9	0,4	93,9	2,9	0,1
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	60,1	2,8	0,6	6,1	8,7	30,6	0,4
11	Storfe (mjølk) og høner ..	53,3	2,2	0,7	6,6	17,0	36,3	0,8
12	Storfe (mjølk) og svin ...	53,2	4,0	0,9	10,6	24,8	43,7	0,6
13	Storfe (mjølk) og sau	51,7	1,6	0,1	3,5	1,6	17,8	0,2
17	Storfe (slakt) og sau	54,6	1,4	0,1	4,3	2,6	6,4	0,2
Kl. 4								
50-99,9 dekar <i>decares</i>								
	Alle bruk <i>All holdings</i> ..	75,8	14,9	5,5	21,4	29,3	56,8	1,4
00	Storfe (mjølk)	79,7	21,7	2,2	28,2	19,8	77,4	1,9
01	Storfe (slakt)	73,1	10,9	2,8	19,3	25,2	31,4	0,3
04	Sau	66,8	6,4	1,1	10,2	7,5	7,4	0,3
06	Korn	79,4	0,7	27,7	1,3	98,7	10,1	0,2
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	80,6	17,7	2,9	24,9	24,1	68,7	1,0
11	Storfe (mjølk) og høner ..	77,9	17,5	3,7	28,0	33,3	77,1	2,0
12	Storfe (mjølk) og svin ...	84,0	29,8	4,3	44,5	39,3	88,4	3,6

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

1) *English text see appendix 1.*

Tabell V (framh.). Maskinar og reiskapar *Machines and implements*

Nr. jordsbruksareal i drift Driftsform ¹⁾	Bruk med			Bruk som nytta		Mjølke-maskinanlegg pr. 100 bruk		
	Traktor	Fôr- haustar	Skur- treskjar	Fôr- haustar	Skur- treskjar	I alt	Røyr- mjølking- anlegg	
Prosent								
Kl. 4 (framh.).								
13	Storfe (mjølk) og sau ..	67,7	12,2	0,5	18,6	4,4	55,6	0,8
14	Storfe (mjølk) og geit .	81,0	18,5	-	22,5	2,4	66,3	2,6
17	Storfe (slakt) og sau ..	67,6	7,4	1,2	14,8	7,1	21,7	0,3
40	Korn og storfe (mjølk) .	87,6	8,7	23,6	12,8	97,0	73,0	0,2
Kl. 5 100-199,9 dekar <i>decares</i>								
	Alle bruk	93,6	35,4	31,1	42,8	65,9	75,1	7,7
00	Storfe (mjølk)	95,0	54,1	14,4	61,3	47,8	98,9	11,8
06	Korn	91,8	0,9	63,1	1,5	99,3	18,3	0,2
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	94,5	46,2	16,8	53,3	56,4	94,7	8,9
11	Storfe (mjølk) og høner.	95,8	45,5	14,0	57,0	60,5	96,2	16,4
12	Storfe (mjølk) og svin .	96,9	57,5	19,3	69,6	67,8	101,9	18,9
13	Storfe (mjølk) og sau ..	86,1	37,3	4,5	51,0	17,8	87,4	7,8
40	Korn og storfe (mjølk) .	98,3	32,4	59,6	40,8	99,0	94,3	3,9
43	Korn og svin	99,4	4,5	75,4	7,7	99,7	19,5	0,6
62	Korn, storfe (mjølk) og svin	98,6	36,5	64,8	44,1	99,8	90,4	2,7
Kl. 6-8 200 dekar og meir <i>decares and more</i>								
	Alle bruk	98,5	43,6	74,8	47,9	92,4	66,2	20,3
00	Storfe (mjølk)	98,7	77,0	48,6	81,8	81,8	103,9	45,7
06	Korn	97,9	3,8	89,4	4,5	99,9	15,9	0,7
10	Storfe (mjølk) og storfe (slakt)	98,0	63,6	45,5	68,7	75,8	100,0	32,3
12	Storfe (mjølk) og svin ..	98,7	75,2	49,9	84,3	86,1	104,3	45,6
13	Storfe (mjølk) og sau ...	90,6	53,2	18,0	69,8	40,3	98,6	31,7
30	Korn og potet	96,0	8,7	89,7	10,3	100,0	10,3	-
40	Korn og storfe (mjølk) ..	99,9	68,6	89,3	73,5	99,8	101,5	32,5
43	Korn og svin	99,6	6,8	93,5	8,7	100,0	14,1	0,4
62	Korn, storfe (mjølk) og svin	100,0	65,1	90,9	69,9	100,0	98,2	22,1

1) Engelsk tekst sjå vedlegg 1.

Tabell VI. Brukarane etter ekteskapeleg status, alder og bruket som leveveg *HOLDERS by marital status, age and holding as source of livelihood*

Nr. No.	Bruksstorleik etter jordbruksareal i drift <i>Size of holdings by agricultural area in use Driftsform¹⁾ Type of farming¹⁾</i>	Mannlege brukarar <i>Male holders</i>				Gjenn- om- snitts- alder <i>Average age</i>	Personlege brukarar etter bruket som leveveg <i>Holders, total, by holding as source of livelihood</i>		
		Ugifte <i>Un- married</i>	Gifte <i>Married</i>	Tidlegare gifte <i>Widowers, separated, divorced</i>	Under 40 år <i>years</i>		Einaste <i>Sole</i>	Viktigaste <i>Principal</i>	Ikkje viktigaste <i>Secon- dary</i>
		Prosent	Percentages			Prosent	Percentages		
Kl. 2 5-19,9 dekar <i>decares</i>									
	Alle bruk <i>All holdings</i>	12,9	84,2	4,7	9,1	56,6	5,0	7,3	87,7
00	Storfe (mjølk)	13,3	83,9	2,8	5,8	58,0	7,6	15,5	76,9
01	Storfe (slakt)	9,1	86,8	4,0	10,0	55,5	2,1	4,8	93,1
04	Sau	12,2	83,6	4,2	8,2	56,2	1,8	4,3	93,9
06	Korn	15,8	76,1	8,2	13,6	55,6	3,3	3,5	93,2
13	Storfe (mjølk) og sau	11,0	86,2	2,8	6,8	56,0	6,0	13,3	80,7
21	Høner og sau	8,5	88,4	3,0	7,3	57,1	2,2	6,2	91,6
23	Svin og sau	6,1	91,4	2,6	10,6	54,2	2,8	3,1	94,1
Kl. 3 20-49,9 dekar <i>decares</i>									
	Alle bruk <i>All holdings</i>	16,1	80,0	3,9	11,5	55,2	20,2	22,8	57,0
00	Storfe (mjølk)	14,3	83,0	2,7	8,6	55,8	29,7	31,8	38,5
01	Storfe (slakt)	15,9	81,1	3,0	16,6	52,3	8,5	12,9	78,6
04	Sau	21,8	72,9	5,3	11,6	55,0	9,8	16,1	74,1
06	Korn	19,4	73,8	6,9	16,2	54,3	6,0	15,6	78,4
